



KOMMUNEPLAN FOR MODALEN KOMMUNE 2015 - 2026

PLANOMTALE SAMFUNNS- OG AREALDEL

Vedteke av kommunestyret 15. oktober 2015 i sak 033/15

Rev.	Dato:	Omtale	Utarbeidd	Fagkontroll	Godkjent
3	21.september 2015	Kommuneplanen: samfunnsdel og planomtale for arealdelen, til slutthandsaming (2)	OYSKO	LMOR	OYSKO
2	22. april 2015	Kommuneplanen: samfunnsdel og planomtale for arealdelen, til slutthandsaming	OYSKO	AALE	OYSKO
1	3.september 2014	Kommuneplanen: samfunnsdel og planomtale for arealdelen, høyringsutkast	OYSKO	AALE	OYSKO

Utarbeidd av: **Norconsult** 

FORORD

Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel skal gje uttrykk for kva slags utvikling me vil ha i Modalen fram mot 2027. Dette dokumentet er ingen «fasit» men eit verktøy for planarbeidet som skal sikra god utvikling i vår kommune.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og gjev rammer for utvikling av Modalsamfunnet og forvaltning av arealressursane. Kommuneplanen er difor viktig for utviklinga av Modalen Kommune. Den skal fortelja korleis me meiner at me kan skapa eit best mogeleg samfunn, og korleis alle kommunens innbyggjarar kan få eit best mogeleg liv – både i vår tid og for komande generasjonar.

Samfunnsdelen skal vera eit praktisk verktøy og rettesnor for prioritering og styrt utvikling. Den legg føringar for arealdelen, som er juridisk bindande for forvaltninga av kommunens areal.

Det har difor vore svært viktig med brei medverknad frå innbyggjarane i arbeidet med planen.

Det er og viktig å understreka at planen skal vera heile Modalen sin plan, fordi den peikar på utfordringar og mogelegheiter som me står ovanfor, og som me i fellesskap må løysa.

Det er mykje positivt som skjer i kommunen vår, me har gode tenestetilbod og me har trygge og gode oppvekstvilkår. Målet om å auka folketallet ligg fast, og me må difor leggja til rette for auka satsing på å leggja forholda til rette for næringsutvikling og bustadbygging. Kommuneplanen inneheld mål og strategiar som skal bidra og førebu oss på desse utfordringane, og rusta oss til å møte desse på ein konstruktiv måte.

Det er kommunens overordna målsetjing at dette plandokumentet skal bidra til positiv vekst og utvikling i Modalen kommune.

Til slutt vil eg få takka alle som har vore med i arbeidet med kommuneplanen. Dette har etter mi vurdering vorte eit godt styringsdokument for alle oss som skal bruka denne planen i vårt daglege virke.



Knut Moe
ordfører

SAKSHANDSAMING

Kommuneplanarbeidet vart starta opp ved at formannskapet la framlegg til planprogram ut til høyring og offentleg ettersyn 16. mars 2010. Planprogrammet vart omarbeidd i tråd med innspel og vedteke 29. januar 2013 i sak 009/13.

I sak 032/14 16. juni 2014 vart framlegg til kommuneplan lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Alle innspela vart vurdert og det vart gjort somme mindre endringar i planen. Det vart ikkje fremja motsegn til planframlegget.

Kommunestyret vedtok kommuneplan for Modalen, i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 i sak 033/15, 15. oktober 2015.

Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 11-15 vert Kommuneplan for Modalen 2015-2026 vedteken slik han ligg føre.

Kommunestyret vedtek arealplan for Modalen kommune med følgjande endringar.

Det vert lagt ein omsynssone - Sone for felles planlegging, jf. pbl § 11-8, 3. ledd, e) (H810) - på Otterstad til Trohaug. Målet med områdereguleringa er at «Det skal utarbeidast ein heilskapleg områdereguleringsplan på Otterstad -Trohaug i høve til å finne eigna areal for offentleg/privat tenesteyting, bustad, turisme, jordbruk og infrastruktur.

LNF- spreidd bustad vert eige tema ved ei avgrensa rullering av kommuneplanen. Inntil planen vert vedteken vert enkeltsaker behandla som dispensasjonsøknad.

Planen består av: Planomtale samfunns og arealdel med konsekvensutgreiing og ROS-analyse, føresegner og retningsliner og Plankart. Alle dokument revidert 21.september 2015

INNHALD

DEL 1: SAMFUNNSDELEN 7

PLANPROSESSEN	9
INNLEIING	9
FOLKEMØTE	9
MEDVERKNAD, BARN OG UNGE	10
HOVUDMÅL 2015 - 2026	11
HOVUDMÅL 1	13
HOVUDMÅL 2	16
HOVUDMÅL 3	19
HOVUDMÅL 4	21
HOVUDMÅL 5	23

DEL 2: AREALDELEN -

PLANOMTALE 25

1. INNLEIING	27
1.1. BAKGRUNN OG FORMÅL	27
1.2. ORGANISERING	28
1.3. PROSESS OG MEDVERKNAD	28
1.4. GRUNNLAG	29
1.4.1. Nasjonale retningsliner	29
1.4.2. Regionale retningsliner	31
1.4.3. Kommunale føringar	34
1.4.4. Reguleringsplanar	34

2. UTFORDRINGAR OG BEHOV	37
2.1. INNLEIING	37
2.2.1. Folketal	38
2.2.2. Busetnad	38
2.3. ARBEIDS- OG NÆRINGSLIV	40
2.4. FRITIDSBUSTAD OG REISELIV	42
2.5. MO SENTRUM	44
2.6. SMÅKRAFT	45
2.7. LANDBRUK	48
2.8. ANDRE TEMA	49
2.8.1. Trafikk og samferdsle	49
2.8.2. Strandsone	50
2.8.3. Barn og unge	51
3. MÅL	53
3.1. INNLEIING	53
3.2. OVERORDNA NASJONALE MÅL	53
3.3. HOVUDMÅL	54
3.4. PROSJEKTMÅL	54
4. KONSEKVENSGREIING	55
4.1. INNLEIING	55
4.1.1. Innspel til planen	55
4.2. FORSLAG TIL NY AREALBRUK	56
4.2.1. Bustadareal	56
4.2.2. Fritidsbustader	59
4.2.3. Mo sentrum	60
4.2.4. Anna ny arealbruk	61
4.3. KONSEKVENSGREIING	62
4.3.1. Metode	62
4.4. DATAGRUNNLAG	63

4.4.1. Naturmiljø	63
4.4.2. Landskapsbilete	63
4.4.3. Nærmiljø og friluftsliv	63
4.4.4. Naturressursar	64
4.4.5. Kulturminne/ -miljø	64
4.5. RISIKO OG SÅRBARHEIT	64
4.5.1. Metode	64
4.5.2. Farekartlegging	66
4.5.3. Sårbarvurdering	67
4.5.4. Risikovurdering	68
4.6. KONSEKVENSGREIING	69
5. PRESENTASJON AV NY AREALBRUK	109
5.1. INNLEIING	109
5.2. NOTTVEIT OG MOSTRAUMEN	110
5.3. MO OG OTTERSTAD	111
5.4. ØVRE HELLAND	112
5.5. OMSYNSSONER	113
6. SAMLA KONSEKVENSGREIING	116

A photograph of a town square in Modalen, Norway. In the foreground, a large crowd of people is gathered, some under a blue canopy. To the right, a large white building with a gabled roof and a sign that says "Modalen" is visible. In the background, a waterfall cascades down a forested hillside. The text "KOMMUNEPLAN FOR MODALEN KOMMUNE 2015 - 2026" is overlaid in large, bold, green-outlined white letters at the top of the image.

KOMMUNEPLAN FOR MODALEN KOMMUNE 2015 - 2026

DEL 1: SAMFUNNSDELEN

PLANPROSESSEN

INNLEIING

Modalen kommune har gjennomført ein brei medverknadsprosess, i høve arbeidet med kommuneplanen sin samfunns- og arealdel. Medverknad betyr at innbyggjarane i eit samfunn er med og planlegge framtida si. Det handlar om folk sin rett til å delta i og påverke avgjersler i den lokale samfunnsutviklinga.

FOLKEMØTE

Om lag 20 personar møtte fram på folkemøte i Modalen. Fokus dreia seg mykje om kva som gjer Modalen unik, kva kompetanse som eksisterer i Modalen, og som ikkje er nytta fullt ut og ikkje minst korleis skal ein få fleire til å etablere seg i kommunen. I teksten som er sett i ramme ser ein nokre av dei spørsmåla som blei stilt til innbyggjarane, og kva svar som blei gitt.

KORLEIS MOTIVERE FOLK TIL Å FLYTTE TIL MODALEN?

- INFORMERE
- GODE STØTTEORDNINGAR
- MARKNADSFØRING
- INFORMASJON OM BARNEHAGE, SKULE, JOBB ETC
- BETRE INFRASTRUKTUR
- REKLAMERE FOR ALLE GODE KOMMUNALE TILBOD
- LEDIGE NÆRINGSOMRÅDER OG NÆRINGSBYGG/HUS
- TILHØRSLE
- LEDIGE TOMTER OG HUS
- TILSKOTSORDNINGAR

KVA GJER MODALEN UNIK?

- ØKONOMI
- NATUREN
- TILSKOT OG STØTTEORDNINGAR
- FOLKA
- STØRRELSEN
- FIBER I ALLE HUS
- SVÆRT KORT VEG UT I NATUR, BÅDE FJELL OG FJORD

KVA ER MODALEN SIN ALLER STØRSTE ATTRAKSJON?

- STØLSHEIMEN
- BRYGGESLOTTET
- MO SENTRUM
- NATUR
- STØLANE
- BÅTHAMNA OM SOMMAREN
- FJELLET
- HYTTELIV

KVA ER MODALEN SIN ALLER STØRSTE UTFORDRING?

- VEGSTANDARD
- EINSIDIG NÆRINGSLIV
- MOBILDEKNING
- MØTEPLASS
- BUSTADER
- NÆRINGSAREAL
- MANGEL PÅ HUS TIL LEIGE
- MANGEL PÅ TOMTER
- SÅRBART NÆRINGSLIV
- RELEVANTE ARBEIDSPASSAR

MEDVERKNAD, BARN OG UNGE

Plan- og bygningslova seier klart og tydeleg at kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge.

Barnetrakkregistrering

Barnetrakkmetoden gjev borna ei stemme i planprosessen, og er dermed eit vesentleg medverknadsverktøy. I registreringsarbeidet har vi hatt fokus på kvar borna rører seg i kvardagen, kva vegar/snarvegar og stiar nyttar dei, kva område opplev dei som utrygge etc. Born frå 1. til 10. klasse i Modalen har vore med på arbeidet.

Skriveprosjekt med ungdomstrinnet

Ungdommane i 8. – 10. klasse har vore med på eit skriveprosjekt, som omhandlar framtida deira i Modalen kommune om 10 år. Elevane fekk i oppgåve å sjå for seg at dei er 25 år, og kom tilbake til Modalen etter å ha vore borte nokre år. Kva bedrift ville dei starte? Kven var kundane? Kva utfordringar hadde dei?

Medverknad med næringslivet

Modalen kommune inviterte til kreativ økt med næringslivet i Modalen. Her var det fokus på kva arbeidsplassar vi treng, fordelar og

utfordringar med å drive næringsutvikling i Modalen og korleis styrke/skape fleire arbeidsplassar.

«Mitt mål er å nå ut i heile verda og tene mykje pengar ... det gjeld jo og tenkje positivt»


Elev på ungdomstrinnet, Mo skule 2013




HOVUDMÅL 2015 - 2026

1. Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
2. Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
3. Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
4. I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet, og god folkehelse lett tilgjengelege for alle
5. I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk

HOVUDMÅL 1: MODALEN ER EIN ATTRAKTIV, TRYGG OG INKLUDERANDE Plass Å BU



Figur 1: Befolkningspyramidar. Kjelde: SSB



Figur 1: Relativ framskriven folkeauke: SSB (MMMM)

Modalen kommune har med eit folketal i overkant av 380 innbyggjarar per 1. jan 2013, lågast innbyggjartal av alle kommunane i Hordaland. Kommunen har hatt ein stabil folketalsvekst dei siste 10 åra.

Det er naudsynt for kommunen og oppretthalde folketalet, og helst auke det. Innbyggjartalet er så lågt at viktige fellesfunksjonar og tenestetilbod som skule, barnehage, butikk, helsetilbod etc. er sårbart for nedgang i folketalet. Figur 1 syner at det er heller få innbyggjarar i alderen 13-19 år samanlikna med fylket som heilskap. Figur 1 syner framskrive folkemengd etter middels nasjonal vekst. Folketalet i Modalen vil truleg stige i framtida, men veksten synast lågare enn utviklinga i Hordaland fylket.

Modalen kommune har ein geografisk plassering i eit dalstrøk, mellom bratte fjell. Store delar av kommunen er dekkja inn under NGU sine soner for skredfare og steinsprang. Kommunen arbeider for å skape gode og trygge kommunikasjonar i Modalen. Trygg skuleveg, og trygge bustadområde må ivaretakast ved planlegging av nye bu- og arbeidsområde. Viktig infrastruktur er spesielt utsatt ved ras.

I ei tid der delar av verda er prega av konflikt og ufred, vil og Modalen kommune bidra til å skaffe ein trygg stad for flyktningar som kjem til kommunen.



Bilde 1: Leik på Mostrand

MODALEN KOMMUNE VIL:

- Sørge for at det alltid er ledige hus for dei som ynskjer å «prøvebu» eit år i Modalen.
- Sørge for at det til ei kvar tid er bu- og byggjetilbod til alle, uavhengig av alder og funksjonsgrad.
- Ha fokus på å integrere nye innbyggjarar, slik at dei raskt føler seg som ein del av lokalsamfunnet.
- Bidra til at dei flyktingar som kjem til kommunen får kjensle av stabilitet og tryggleik i sin livssituasjon. Arbeide for at menneske frå andre kulturar som buset seg i Modalen vert inkludert i lokalsamfunnet.
- Halde kontakten med ungdom som reiser ut av kommunen.
- Gjere det attraktivt for arbeidsinnvandrarar å busetje seg i kommunen.
- Utvikle eit attraktivt sentrumsområde, som både inneheld viktige servicefunksjonar og gode møteplassar.
- Utarbeide funksjonelle og trygge løysingar for det kommunale hovudvegnettet, trygge samanhengande samband for gåande og syklande, kollektivtrafikk og parkering.
- Bidra til at kollektivtilbodet i kommunen vert optimalisert for mellom anna å gjere det lettare for ungdom å reise til og frå Modalen på kveldstid.
- Leggje til rette for busetnad i grendene ved å setje av areal til spreidd utbygging/ klyngetun.
- Sørge for at nye areal for bu- og arbeidsområde har både trygg lokalisering og trygge tilkomstveggar.
- Ta omsyn til prinsippa for universell utforming i all kommunal planlegging.

HOVUDMÅL 2: MODALEN KOMMUNE ER EIN AKTIV SAMFUNNSUTVIKLAR...

Modalen kommune kan trekke både fordelar og ulemper av å vere den nest minste kommunen i Noreg. Behovet i ein liten kommune vil vere noko annleis enn i store kommunar, og utfordringa kan ofte vere å kome nasjonale krav og pålegg i møte. Grunnlaget for å halde fram som eigen kommune er at ein må kunne utvikle og levere eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i kommunen. Dette er ei utfordring, med lite spisskompetanse og ressursar i fleire felt. Dei små fagmiljøa er såleis sårbare i eit langsiktig perspektiv, med så få innbyggjarar. Samstundes er kommunen i positiv utvikling og vekst, noko som gjev vilje og engasjement for å satse.



Bilde 2: Folkefest på Mo

MODALEN KOMMUNE VIL:

- Vere ein pådrivar i samfunnsutviklinga både regionalt og innanfor kommunen.
- Definere kva rolle og kva felt vi skal bidra på i lokalt og regionalt samarbeid for å fremje utvikling i kommunen og regionen.
- Rekruttere ressursar med spisskompetanse.
- Tilby tenester til barn og unge som fremjar trivsel, utvikling og læring.
- Formidle ut til innbyggjarane kva forventningar innbyggjarane kan ha til kommunen.
- Legge til rette for fysisk aktivitet gjennom gang-/sykkelveggar, turløyper og gode nærmiljø.

HOVUDMÅL 3: NÆRINGSLIVET I MODALEN...

Kommunen har i dag store inntekter frå kraftproduksjon/vasskraft. I tillegg utgjør kompetansmiljøa for IKT i Modalen ein stor og viktig arbeidsplass for kommunen. Det finnst noko aktivitet innan sand- og grusdrift. Det er viktig for Modalen kommune å støtte primærnæringa, som i hovudsak er basert på landbruk med husdyrhald.

Servicenæringa er viktig i Modalen, spesielt i høgsesongen. Reiselivsatsinga er spesielt tufta på naturopplevingar, og har derfor eit stort utviklingspotensial til å omhandle endå meir. I tillegg er det ei rekkje einmannsføretak i kommunen. Det er lite tverrfagleg samarbeid mellom bedriftene i dag. Ei endring med meir samarbeid kan føre til sterkare kompetansmiljø, og ei meir slagferdig næring i framtida.

Kommunen er sårbar for endringar i næringsstrukturen, nedlegging av arbeidsplassar vil få omfattande konsekvensar for innbyggjarane. Modalen kommune har opplevd ein liten sysselsettingsoppgang i løpet av siste tiårs periode.



Bilde 3: Kyrkja og brua over Moelvi

MODALEN KOMMUNE VIL:

- Halde fram med støtte til bedrifter gjennom næringsfondet.
- Revidere strategisk næringsplan.
- Setje av gode næringsareal i sentrum til eit nærings- og tenestesenter som kan danne ein ramme for innovasjons- og satsingskultur i næringslivet.
- Utvikle Modalen som natur- og kulturbasert reisemål.
- Syte for at nye næringar knytt til landbruket skjer gjennom gode samarbeidsprosessar.

HOVUDMÅL 4: FYSISK AKTIVITET, OG GOD FOLKEHELSE LETT TILGJENGELEGE FOR ALLE

Modalen har ei god dekning innan helse- og omsorgstenesta, og kan gje alle innbyggjarane som treng det, eit godt tilbod. Modalen driv utleige av omsorgsplassar til nabokommunar.

Kommunen har mange natur- og friluftsområde som ligg til rette for fysisk fostring og aktivitet. Små avstandar i sentrum gjer at ein enkelt kan kome seg til og frå utan bil.

Skuleområdet er konsentrert, og har både naturområde og leikeplass/ballbinge like ved. I tillegg får borna gratis skulemat. Mo skule har og elevar frå Vaksdal kommune.

Modalen kommune har eit aktivt lagsliv med eit tilbod til alle aldersgrupper om fysisk aktivitet, både innandørs og utandørs. Bryggjeslottet har både stor idrettshall, bowling og symjebasseng som kan nyttast for ein svært rimeleg pris for innbyggjarane. Kommunen har mange rydda og merka turløyper. I tillegg har banehage og skule fokus på friluftsliv og sunt kosthald i kvardagen.

Temaet folkehelse femnar mykje breiare enn fysisk aktivitet. Kommunen skal bidra til å jamne ut sosial ulikskap. Tiltak som at funksjonane på Bryggjeslottet er ope for alle innbyggjarar bidreg til at slik utjamning er mogleg.

Vidare er det eit prinsipp at alle planar, strategiar og prosessar i kommunal forvaltning skal ta omsyn til folkehelsa. Eit døme er at ein i arealdelen til denne planen vurderer alle framlegg til ny arealbruk med omsyn på folkehelse.

MODALEN KOMMUNE VIL:

- Oppretthalde tilboda til innbyggjarane i Bryggjeslottet.
- Støtte opp om frivillige lag og organisasjonar som legg til rette for fysisk fostring.
- Inkludere tema folkehelse basert på definisjonane i regional plan for folkehelse (2014 - 2025), i alle kommunale planar og strategiar.



Bilde 4: Leik i skulen

HOVUDMÅL 5: FOKUS PÅ EIT EFFEKTIVT OG ALLSIDIG LANDBRUK...

Landbruket har tradisjonelt vore ei viktig næring i Modalen og såleis spela ein viktig rolle i å forme busetnadsmønster og landskapskarakter.

Det er i dag ein tendens til rasjonalisering i landbruket i retning av færre og større bruk, noko som kan gje seg utslag i at mindre teigar og utmarksbeite ikkje vert nytta som før. Av den grunn ser ein at mykje beiteareal står ledig i Modalen og store areal med kultur-landskap er truga av attgroing.

Modalen har eit areal på 385 km². Så mykje som 70% av arealet ligg over 600 moh. Dette er hovudgrunnen til at 90% av arealet i Modalen er lite produktiv mark. Om lag 1% av arealet er jordbruksareal i drift og 7 % produktiv skog. Kommunen har eit godt produksjonsmiljø innafor det tradisjonelle landbruket, men denne måten å drive på har gått mykje attende dei seinare år. Også aktiviteten i skogen har minka sterkt.

MODALEN KOMMUNE VIL:

- Kommunen vil bistå med å oppretthalde arbeidsplassar i landbruksnæring, og stimulere til nyrekruttering.
- Leggje til rette for nye næringar knytt til landbruk, som jakt, fiske, gardsturisme etc. som kan sikre gardane eit tilstrekkeleg inntektsnivå.
- Synleggjere verdiskapinga i landbruket.



Bilde 5: Lam



**KOMMUNEPLAN
FOR MODALEN KOMMUNE
2015 - 2026**

DEL 2: AREALDELEN - PLANOMTALE

1. INNLEIING

1.1. BAKGRUNN OG FORMÅL

16. mars 2010 vedtok formannskapet i Modalen kommune å starte opp arbeidet med å revidere kommuneplanen sin arealdel. Planen vart sist revidert i 2004, og fleire av tiltaka frå den gong er i dag gjennomført.

I samsvar med plan og bygningslova § 4-1 og § 11-13, vart framlegg til planprogram utarbeidd og lagt ut på offentleg ettersyn 16. mars 2010. Planprogrammet vart vedteke 29. januar 2013 i formannskapet sak 009/13, og legg grunnlaget for revisjonen med omsyn på tematikk, behov for utgreiingar, framdrift og medverknad.


Kommuneplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn 19.06.2014 i formannskapssak 032/2014.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel.

Samfunnsdelen er ein langsiktig strategisk plan som omtaler mål for kommunen si utvikling og strategiar for å oppnå desse gjennom å formulere retningslinjer for sektorane. Samfunnsdelen er utarbeidd parallelt med arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel legg grunnlaget for korleis kommunen tek i vare sine ressursar gjennom arealforvaltning. Arealdelen skal forvalte kommunen sitt areal i tråd med overordna føringar, kommunale strategiar og mål for samfunnsutviklinga i kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel har verknad for arealbruken på land og i sjø og gjeld for heile



Figur 2: Prosess

”Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivarettatt,

Plan og bygningsloven §11-5

kommunen. Arealdelen gjeld framfor eldre planar om ikkje anna er sagt.

Dei juridisk bindande elementa i kommuneplanen sin arealdel er plankartet og føresegnene. Plankartet består i grove trekk av ulike arealformål som fastslår kva bruk arealet skal ha i planperioden.

Byggeområda er definert som eksisterande eller framtidig. Eksisterande byggeområde er i all hovudsak areal som allereie er teken i bruk i tråd med planen, medan framtidige område er nye område for utbygging eller område der formålet er endra frå førre plan.

I tillegg til arealformål inneheld plankartet omsynsoner. Desse ligg over arealformåla og legg føringar på utviklinga i desse områda. Eksempel på slike omsynssoner kan vere rasfarlege område (fareområde), område som er verna gjennom lov om kulturminne (bandleggingsområde).

Areal der kommunen sjølv ønskjer å kartfeste verknader av særskilte føresegner er markert i kartet med føresegnssoner.

1.2. ORGANISERING

Kommuneplanen vert endeleg vedteke av kommunestyret. For å sikre politisk forankring av arbeidet er formannskapet utnemnd som styringsgruppe. Denne har følgt opp planprosessen og kjem med innstilling til vedtak til kommunestyret. Kommunestyret har delegert ansvaret for å legge planen på høyring til formannskapet.

Administrasjonen ved rådmannen, har ansvar for den praktiske gjennomføringa av planarbeidet. Det er sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som saman med bistand frå eksterne konsulentar har utarbeidd planen.



Bilde 6: Frå folkemøte på Bryggeslottet

1.3. PROSESS OG MEDVERKNAD

Planarbeidet følgjer prosessreglane i plan- og bygningslova. Planforslaget vert sendt til offentleg ettersyn i minimum 6 veker der offentlege og private interessentar kan kome med innspel til planen.

Etter høyringsperioden skal alle innspel vurderast og planen kan endrast. Dersom endringane ikkje krev ny høyringsrunde eller planframlegget ikkje har fått motsegn kan planen eigengodkjennast av kommunestyret. Det er ikkje høve til å klage på vedteken kommuneplan.

Etter at planprogrammet vart vedteke gjennomførte kommunen fleire tiltak for å sikre brei deltaking utover minstekrava i plan- og bygningsloven. Grunnen til dette utvida opplegget for deltaking var mellom anna den lange tida som gjekk mellom varsla oppstart av planarbeidet og vedtak av planprogrammet. Det var trong for å vekke interesse for arbeidet i lokalsamfunnet.

Det vart arrangert folkemøte og møte med aktørar frå næringslivet 3. april 2013. Desse møta var nyttige for å avdekke kva

forventningar og behov som knytte seg til arbeidet med ny kommuneplan.

Våren og sommaren 2013 vart det og arrangert tiltak for å sikre deltaking frå barn og unge. Ungdomsskuleelevar deltok i eit skriveprosjekt (Figur 3) og det har vore gjennomført barnetrakk-registreringar.

1.4. GRUNNLAG

Dette avsnittet vil presentere det viktigaste grunnlaget for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel. Det kan vere forskrifter, retningslinjer, rettleiarar, eller dokument som legg føringar for planarbeidet.

1.4.1. NASJONALE RETNINGSLINER

Miljøverndepartementet (2008): *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging*

Dokumentet skisser regjeringa sine forventningar til korleis kommunane vil handtere ulike tema i sin planlegging. Desse forventningane er formulert som krav til

kommunane som skal dokumenterast i planarbeidet innanfor ulike sektorar

Stortingsmelding nr 26. (2006-2007): Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand¹.

Dette er regjeringa sitt viktigaste dokument for ein samla framstilling av miljøpolitikken. Dokumentet legg føringar for korleis kommuneplanen skal nyttast for å oppnå miljømål innanfor fleire ulike tema som areal- og transport, kulturminne, naturmangfald etc.

FOR-2009-06-26-855 (2009-2013): Forskrift om konsekvensutredninger med rettleiar (T-1493).

Forskrifta presiserer plan- og bygningsloven sin føresegn om konsekvensutgreiingar. Ho definerer kva tiltak som skal konsekvensutgreiast og skisserer kriteria for vurdering. Rettleiaren gir råd om korleis forskrifta skal forståast i praksis for kommuneplanen sin arealdel og kjem med gode døme på utgreiingstema om kriteria for vurdering.

FOR 2009-06-26-861 (2009): Kartforskriften

Forskrifta fastslår korleis plankartet til kommuneplanen sin arealdel skal framstillast. Formålet er at karta skal ha same utsjånad og kvalitet over heile landet og at kartdata skal kunne utvekslast saumlaust mellom interessentar og brukarar.

Skriveprosjekt; 8. – 10. klasse

Tenk deg at **du** skal starte **ei** bedrift i Modalen. Du er **ca** 25 år, og har akkurat flytta tilbake til heimbygda.

- Kva slags bedrift ville du starte?
- Kvifor ville du starte denne bedrifta akkurat i Modalen?
- Kor mange er tilsett i bedrifta?
- Kvifor går denne bedrifta bra i Modalen?
- Kva er utfordringane ved å starte denne bedrifta?, og korleis vil du løyse dei?
- Kven er kundane dine (innbyggjarane i Modalen, heile landet, heile verda++)?



Figur 3: Oppgåvetekst skriveprosjekt

¹ Etter 2008 har rikets miljøtilstand vorte omtalt i dei årlege budsjettproposisjonane til miljøverndepartementet.

Riksantikvaren sin rettleiar (2010): *Kulturminne, kulturmiljøer og landskap.*

Rettleiaren handlar om korleis kommuneplanen skal ta i vare regionale og nasjonale mål i tillegg til dei kommunale når det gjeld forvaltning av kulturminneverdiar. Rettleiaren kjem mellom anna med gode døme på korleis å framstille plankart og formulere føresegner i kommuneplanen sin arealdel for å sikre kulturminne og kulturmiljø.

T-1442 (2012): *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging.*

Retningslina sitt formål er å førebygge støyplagar og ta i vare stille og lite støy påverka natur- og friluftsområde. Ho kjem vidare med anbefalingar om korleis synleggjere og handtere støyproblematikk i kommuneplanen sin arealdel.

Statens landbruksforvaltning (2012): *Temaveileder: Landbruk og planlegging etter plan og bygningsloven.*

Rettleiaren fortel korleis ein kan nytte handlingsrommet i kommuneplanen sin arealdel i forvaltninga av landbruket sine ressursar i kommunen gjennom gode døme på mellom anna føresegner og retningslinjer.

Dokumentet er og ei kjelde for å forstå bakgrunnen til dei landbrukspolitiske føringar som gjeld.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (2012): *Temaveileder: Samfunnssikkerhet i plan og bygningsloven.*

Rettleiaren legg føringar og dannar det metodiske grunnlaget for utarbeidingar av ROS-analyser for arealplanar. Alle nye område for utbygging skal vurderast med omsyn på risiko og sårbarheit.

Temaveileder: *Universell utforming og planlegging etter plan- og bygningsloven (2009)*

Universell utforming er nedfelt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova. Rettleiaren peiker på korleis universell utforming kan sikrast innanfor handlingsrommet i arealdelen til kommuneplanen.

Rundskriv T-2/2008 *Om barn og planlegging*

Rundskrivet utdjuar og forklarar rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga. Dokumentet peiker på at ein gjennom planar som kommuneplanen sin arealdel skal legge til rette for og sikre areal som nyttast av barn og



unge. Rundskrivet formulerer mellom anna krav til fysisk utforming for areal som vert nytta av barn. Det er og utgitt ein temarettleiar om temaet.

Temaveileder: Energiltak og plan- og bygningsloven (2009).

Rettleiaren klargjer korleis ein kan nytte kommuneplanen sin arealdel for å styre lokaliseringa av energiltak som småkraftanlegg sjølv om slike anlegg i prinsippet er unnateke frå plan- og bygningsloven.

Direktoratet for naturforvaltning (no miljødirektoratet)(2011): Veileder Metode for landskapsanalyse i kommuneplan

Eigen metode for vurdering av konsekvensar for landskapsverdiar av ulike tiltak i kommuneplanen. Metoden vil nyttast i vurdering av konsekvensar for landskapsbilete i konsekvensutgreiinga.

Miljøverndepartementet (2013): Veileder: Klimatilpassing

Rettleiaren består av tre ulike dokument. Formålet er mellom anna å legge til rette for

at kommunane gjennom arealplanlegginga kan styre ny utbygging og infrastruktur til område som er mindre sårbare for klimaendringar.

Direktoratet for naturforvaltning (no miljødirektoratet): Naturtypekartlegging²

Kartlegging av verdifulle naturtypar, artsobservasjonar etc. til bruk i lokalisering av nye byggeområde og som grunnlag i konsekvensutgreiinga.

Andre nasjonale dokument med relevans for kommuneplanen sin arealdel:

- *Den norske idrettsmodellen. St. meld. nr 26 (2011-2012)*
- *Folkehelsemeldinga: God helse - felles ansvar St.meld. nr 34 (2012-2013)*
- *Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde (2014-2020)*
- *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (2014-2020)*

1.4.2. REGIONALE RETNINGSLINER

Fylkesplan for Hordaland 2006 – 2008

Denne planen er vedteke vidareført slik at det gjeld fram til ein ny fylkesplan er vedteke.

Planen skisserar visjonar, mål og strategiar for utviklinga i fylket. Planen formulerer klare mål og strategiar for alle tema innan kommunal arealplanlegging med retningslinjer som kommunane må følgje.

Klimaplan for Hordaland 2010 – 2020³

I klimaplanen inngår fylkesdelplan for energi og fylkesdelplan for vindkraft.

Klimaplanen formulerer fylkeskommunen sine mål for klimavenleg utvikling innan fleire tema som er relevante for kommuneplanen sin arealdel. Det gjeld til dømes berekraftig energibruk, forbruk og avfall, arealbruk og transport og bygningar. I tillegg seier planen noko om korleis få til ein god tilpassing til endringar i klima.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk (2009-2021)

² Løpande kartlegging, Web ressurs.

³ Planen er under rullering

Planen skisserer mål for utbygging av småvasskraftverk i Hordaland og retningsliner for korleis ein skal nå desse måla. Planen skisserer og opp korleis ein søknadsprosess for etablering av slike anlegg skal vere, der arealavklaringar i kommuneplanen er eit viktig element.

Aktiv kvar dag (2008-2012): Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv

Hovudmålet til fylkeskommunen er at alle skal kunne vere aktive kvar dag. Gjennom denne planen handsamar fylkeskommunen fleire ulike satsingsområde og understreker verdien idrett og friluftsliv har for samfunnet. Kvart av satsingsområda har konkrete råd til kommunane om korleis å legge til rette for meir fysisk aktivitet gjennom idrett og friluftsliv.

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland (2001-2004).

Planen inneheld mål, retningsliner, og tiltak for areal- og ressursforvaltninga i strandsona i Hordaland. Denne legg føringar for korleis kommunen kan løyse ulike kystsonerelaterte utfordringar i kystsona gjennom til dømes kommuneplanen sin arealdel. Etter at denne

planen vart vedteke har fylkeskommunen saman med fylkesmannen i Hordaland publisert *råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland* som er eit nyttig hjelpemiddel i arealplanlegginga, og miljøverndepartementet har lansert statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona.

Deltaking for alle – Fylkesdelplan for universell utforming (2006-2009).

Etter at denne planen vart vedteke har universell utforming vorte styrka gjennom plan og bygningslova frå 2008. Fylkesdelplanen er likevel ein nyttig rettleiar i arbeidet med å sikre universell tilgjenge og utforming.



Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002)⁴.

Denne planen er under revisjon, men den føreliggande versjonen er framleis gyldig i at han definerer korleis senterstrukturen i Hordaland skal vere. Planen kjem med råd til kommunane om kva faktorar som skal vere med på å styre lokaliseringa av ulike funksjonar i kommunen. Ein bør i kommuneplanen sin arealdel følgje dei retningslinene for lokalisering som er formulert i denne planen.

Kultur viser veg - Fylkesdelplan for kulturminne (1998-2010)

Fylkesdelplanen formulerer mål og strategiar for vern og forvaltning av kulturminne. Og kva verkemiddel som finst for å nå desse måla. Planen skisserer vidare retningsliner mellom anna for korleis kulturminne kan handterast i kommuneplanarbeidet. Denne planen er under revisjon.

Regional transportplan for Hordaland (RTP) (2013- 2024)

Etter at fylkeskommunen overtok ansvaret for hovuddelen av vegnettet i fylket vart det utarbeidd ein regional transportplan som både er ein handlingsplan for prioritering av prosjekt på fylkesvegnettet, men og eit innspel til andre planprosessar som syner fylkeskommunen sine mål og krav til samferdslepolitikken. Kommunen kan gjennom kommuneplanen sin arealdel om ønskjeleg sette i gong prosessar som kan verte gjenstand for prioritering i framtidige regionale transportplanar.

Regional næringsplan (2013-2017)

Planen er ein strategisk plan som mellom anna omtalar behov for næringsareal i tida som kjem

En analyse av boligmarkedet i Nordhordland. (NORUT-2013:2)

Rapporten analyserar bustadmarknaden i Nordhordlandskommunane mellom anna Modalen. Rapporten presenterer utviklinga innan busetnad og sysselsetjing, kommunen sitt butilbod og etterspurnaden etter nye bustadar og bustadtypar.

Andre regionale planar med relevans for kommuneplanen sin arealdel

- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss:kultur
- Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde (2014-2020)
- Regional plan for folkehelse, Fleire gode leveår for alle (2014-2025)
- Regionalt bygdeutviklingsprogram med næringsprogram.

⁴ Arbeidet med ny regional plan har starta opp

1.4.3. KOMMUNALE FØRINGAR

Småkraftplan for Modalen

Planen vurderer potensialet for utbygging av småkraftanlegg ved ulike vassdrag i kommunen. Planen vurderer dei ulike vassdraga sin verdi innanfor ulike vurderingstema og sorterer vassdraga etter konfliktgrad. Planen er ikkje vedteke politisk men vert nytta som grunnlag for handsaminga av småkraft i denne planen.

Kulturminnevernplan for Modalen kommune

Planen gjer eit utval av kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast for vern, og er såleis eit reiskap for arealplanlegginga. Planen seier og noko om formidling og korleis ein kan nytte kulturminne til utvikling i til dømes reiselivsnæringa.

Strategisk næringsplan (1999)

Næringsplanen skisserer tiltak for å styrke næringslivet i Modalen fordelt på 5 hovudpunkt. Reiseliv, nettverk, kultur, kommunikasjonar og infrastruktur. Sjølv om denne planen er gammal (1998) er det fleire punkt som har relevans til denne plan-revisjonen.

Andre kommunale planar med relevans til kommuneplanen sin arealdel

- Beredskapsplan for vassforsyning
- Hovudplan for avløp
- Hovudplan for vassforsyning
- Vassbruksplan for Modalsvassdraget
- Beredskapsplan

1.4.4. REGULERINGSPLANAR

Reguleringsplanar er arealplanar som er meir detaljerte enn kommuneplanen sin arealdel. I plan- og bygningslova (pbl) si § 1-5 andre ledd definerast tilhøvet mellom nye og eldre planar:

”Ny plan (...) går ved eventuell motstrid foran eldre plan eller planbestemmelse for samme areal med mindre annet er fastsatt i den nye planen(...)”

Plan og bygningsloven §1-5 andre ledd

Der det er samsvar mellom overordna plan og reguleringsplan vil reguleringsplanen sine føresegner gjelde vidare som grunnlag for kommunal sakshandsaming i byggesaker.

Plan 20060001 - bustader og barnehage på Nedre Helland, vil gjelde føre kommuneplanen sin arealdel fordi bustadfeltet her er under bygging og kommuneplanen sin arealdel ikkje har til hensikt å gjere endringar her. Arealet er markert i kartet med omsynssone som seier at reguleringsplan skal gjelde (H910_1)

Reguleringsplan for Kvanndalen hyttefelt er i prosess og arealet som regulerast er i arealdelen bandlagd fram til vedtak på reguleringsplanen føreligg (H710_1).

Tabell 1: Reguleringsplanar i Modalen

Planid.	Plannamn
19750001	Disposisjonsplan Helland hyttefelt
19750002	Heiane
19770001	Øvre Helland
19780001	Disposisjonsplan Fjellstølen
19820001	Hagastykket
19790001	Disposisjonsplan Nygård
19910001	Kvanndalen hyttefelt
19910002	Mo, Otterstad
19930001	Mo sentrum
19980001	Øvre Fjellstølen hyttefelt
19990002	Øvre Helland, Balane
20000001	Kyrkjeteigen
20060001	Helland Barnehage og bustader
20060002	Massetak Helland
20070001	Mobøen og Sæten
20080001	Nygard
I prosess	Detaljreguleringsplan for Kvanndalen hyttefelt

2. STATUS, UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG BEHOV

Overordna utfordringar frå planprogrammet:

- Korleis leggja tilhøva til rette for ei god og variert næringsutvikling i kommunen?
- Korleis oppretthalde det gode tenestetilbodet me har i Modalen?
- Korleis kan kommunen leggje til rette for auka bustadbygging?
- Det må definerast areal for fritidsbustader i Modalen.
- Modalen kommune må arbeide vidare med rassikring og utbetring av fylkesvegen mot E 39 mellom Mo og Romarheim.

2.1. INNLEIING

Dette kapitlet vil gjennomgå dei tema som planen skal omhandle. Kvar tema vert omtalt med status i dag og ei kvalitativ vurdering av framtidig utvikling basert på ulike kjelder. Med bakgrunn i dei utviklingstrekk ein ser eller som kommunen ønskjer å legge til rette for, vert det formulert behov.

Formålet med dette kapitlet er å bygge opp ein gyldig argumentasjon for endra arealbruk. For at desse argumenta skal verte haldbare er det ofte naudsynt å omtale tilhøve ved ulike plantema som ikkje er direkte relevant for arealbruken. Ofte er endringar i arealbruk berre eitt av fleire tiltak kommunen kan ta i bruk for å oppnå ønskt utvikling.

Behova som vert formulert til kvart tema bør likevel kunne relaterast meir direkte til arealbruk slik at desse kan danne grunnlaget for prosjektmåla som er formulert i kapittel 3.

Planprogrammet danner grunnlaget for planen sin tematikk gjennom dei utfordringane som er formulert. Kapittel 16 i planprogrammet definerer kva tema som skal vurderast i kommuneplanen sin arealdel. Desse er sortert i fem hovudtema og andre tema som ikkje har same prioritet i denne revisjonen, men som det likevel er naturleg å omtale.

Tema for arealdelen: (frå planprogrammet)

Hovudtema

1. Bustadbygging
2. Fritidsbustader
3. Næringsareal
4. Sentrumsutvikling - Mo
5. Småkraft

Andre tema

6. Infrastruktur (samferdsle)
7. Landbruk
8. Strandsonevern

2.2. FOLKETAL OG BUSETNAD


2.2.1. FOLKETAL

Modalen kommune er Hordalands minst folkerike kommune og i Noreg er det berre Utsira kommune i Rogaland som har færre innbyggjarar.

Modalen kommune har per 1. januar 2015, 378 innbyggjarar, ei auke dei siste 10 år på 17 innbyggjarar eller 5%. Tala syner at tilflytting er hovudårsaka til folkeauken. Om ein ser på den langsiktige tendensen for kommunen frå 1951 og fram til i dag ser ein at fødselsoverskotet er svakt fallande i denne perioden, medan netto innflytting varierer mykje frå år til år, men at tendensen er stigande særleg først i perioden.


Befolkningspyramidane i figur 3 syner at Modalen kommune har ein noko eldre befolkning samanlikna med Hordaland fylke, og at aldersgruppene 20 – 45 er underrepresentert. Det skuldast i hovudsak at ungdom flyttar ut etter fullført skulegang.

Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalsutvikling syner at den moderate veksten ser ut til å halde fram. Med middels nasjonal vekst (MMMM) vil ein i 2040 ha eit folketal på ca 470.



Figur 5: Befolkningspyramidar. Kjelde: SSB

Med høg nasjonal vekst (LLMH) vil ein kunne nå 550 innbyggjarar i 2040. Ved enden av planperioden i 2024 vil ein etter prognosen ha eit folketal på ca 430 (MMMM) eller 450 (LLMH). Figur 4 syner at SSB si framskriving av folkeauke (MMMM) ligg noko under Hordaland fylke.



Figur 4: Relativ framskriven folkeauke: SSB (MMMM)

2.2.2. BUSETNAD

Bustadane i Modalen kommune ligg hovudsakeleg i sjølve Modals-dalføret og ved einkilde gardar langs nordsida av fjorden ved Grønhaug og Nottveit samt på Nygård og Steinsland.

Busetnadsmønsteret i Modalen er prega av einebustader anten i felt ved Mo eller Øvre Helland, eller einkilde spreidde bustadhus,

gjærne gardshus, elles i dalføret. Det er få bustadbygg med fleire einingar, men etter-spurnaden etter slike løysingar kan vere aukande mellom anna om ein tek i betraktning aldersfordelinga i kommunen.

Det var per 2014 seksten ubygde tomter i Modalen kommune. Det er både kommunale bustadtomter og private. Desse ligg høvesvis på Mo, Helland og Øvre Helland, og er reserver i vedtekne reguleringsplanar.

Tabell 2: Tomtereserve

	Kommunale tomter	Private tomter
Mo	2	1
Helland	5	6
Øvre Helland	1	1

Om ein reknar med tal busette på 2,5 per tomt vil reservearealet i gjeldande kommuneplan kunne handtere ei folkeauke på 40 personar i planperioden. Det tyder i prinsippet på at det minimum er trong for tre nye tomtar i kommuneplanen om ein skal legge til rette for moderat vekst.

Det er utarbeidd ein analyse av bustadmarknaden i Nordhordland i 2013. Denne seier

at utfordringa for Modalen kommune er at bustadmassen er lite variert og at det finst få alternativ til dei kommunale utleigebustadane. Endra alders- og familiestruktur har skapt trong for nye bustadformar.

Det er trong for nye areal for bustader i Modalen. At det i teorien berre er trong for tre nye tomter tyder ikkje at planen skal halde fast med det. For det første har Modalen større ambisjonar enn berre å legge til rette for middels folkevekst. For det andre er det trong for ein meir mangfaldig bustadmarknad. Eit mangfald som gjeld både type bustad og lokalisering.

For at Modalen kommune skal kunne nå opp i konkurransen om å ta del i den folkeauka som er estimert dei neste tiåra i Bergensregionen er det viktig at kommunen gjennom arealdelen til kommuneplanen kan tilby eit variert bustadtilbod der ein kan spele på dei kvalitetane som Modalen har. Nye areal for bustadbygging må ha kvalitetar som legg til rette for gode bumiljø i harmoni med landskap, natur- og kulturmiljø.


Nye bustader bør i hovudsak lokalisrast ved etablerte bustadområde som Mo, Helland og Øvre Helland i tråd med prinsipp om samordna

areal og transportplanlegging. Planen bør likevel opne for nokre få område for spreidd utbygging for å kunne tilby slike bustadar for dei som ønskjer å bu spreidd og ikkje i bustadfelt.

Modalen kommune sine behov

BUSTAD

- Meir areal til bustadbygging
- Meir variert bustadtilbod.
- Styrke bygdene Mo og Ø-Helland.




Figur 6: Ansatte etter sektor 4.kvartal 2012 (relative tal). Kjelde:SSB

2.3. ARBEIDS- OG NÆRINGSLEV

Næringslivet i Modalen har vore prega av utnytting av naturressursar som vasskraft, lausmasser og landbruk. Kommunen er største arbeidsgjevar med jobbar innan undervisning, tenesteyting, helse og sosial. I tillegg er det mange kompetansearbeidsplassar i høve folketalet grunna at hovudkontoret til ein stor aktør i rekneskapsbransjen har hovudkontor i Modalen. Bedrifta har 30 tilsette på Øvre Helland.

Figur 5 syner arbeidstakarar i Modalen fordelt på sektor i prosent samanlikna med Hordaland fylke. Verdt å merke seg er skilnaden innanfor Informasjon og kommunikasjon der Modalen har høvesvis fleire tilsette enn Hordaland hovudsakleg grunna rekneskapsbedrifta.

Innpendling til Modalen har vore relativt stabil dei siste 10 åra. Figur 6 syner ein liten tendens til auka pendling frå Nordhordland og Bergensregionen.



Figur 7: Sysselsette i Modalen i % etter bustad 2002 - 2012

Ved oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vart det arrangert eit møte med næringsaktørar i kommunen der det vart oppmoda til å kome med innspel til planarbeidet. Ingen av aktørane valde å kome med innspel på det stadiet, men i møtet vart det diskutert kva ein burde fokusere på i arbeidet med kommuneplanen for å styrke tilhøva for næringslivet i kommunen.

Det er i dag ledig næringsareal i gjeldande kommuneplan ved Mobøen og Sæten like aust for Mo sentrum. At dette arealet i liten grad har vorte teken i bruk kan skyldast liten etterspurnad etter tradisjonelt nærings-/industriareal.


Modalen har ein strategisk næringsplan som vart vedteke i 1998. Sjølv om denne planen er 15 år gammal har likevel satsingsområda relevans i dag.

Satsingsområde i næringsplanen

- Reiseliv
- Nettverk
- Kultur
- Kommunikasjonar
- Infrastruktur

Næringsplanen løfter fram reiseliv som eit særskilt satsingsområde, medan planprogrammet til denne planen peiker på at kommuneplanen må legge til rette for vekstvilkår for IKT-miljøet og kompetansesarbeidsplassar.

Slike arbeidsplassar krev gjerne lokalar med andre kvaliteter enn dei areala som ligg i planen i dag. Gjennom å samle IT- og



kontorarbeidsplassar, aktørar innanfor reiseliv og kommunale tenester under same tak kan ein skape fleire gunstige effektar som kan gje utvikling i ønska retning.

Ein slikt nærings- og tenestesenter kan saman med økonomiske verkemiddel bidra til at Modalen kan skape eit miljø for nærings-etableringar som heile regionen kan ta del i.

Utfordringa er korleis dette kan gjerast slik at løysinga blir så god at næringsdrivande i etableringsfasen eller som ser seg om etter nye lokale for si verksemd vel Modalen.

På same måte som at Bryggjeslottet vert nytta av nabokommunane som fritidstilbod kan eit nærings- og tenestesenter verte ei næringsklynge for heile Osterfjord-området.

Modalen kommune sine behov

NÆRINGS LIV

- Legge til rette for satsing på reiseliv, IKT og kompetansesarbeidsplassar.
- Eigna areal for etablering av nærings- og tenestesenter



Welcome to Modalen

Experience the magic West Norwegian nature with its fjords and mountains. Modalen has many great hiking routes for both children and more experienced hikers. Only 1 hour by car from the city of Bergen.

Figur 8: Faksimile frå visitbergen.com

2.4. FRITIDSBUSTAD OG REISELIV

Modalen sitt potensiale som reiselivsdestinasjon skriv seg i hovudsak frå naturgjevne tilhøve som er attraktive for aktiv friluftsturisme og opplevingar som den dramatiske naturen på Vestlandet kan gje. I dette bilete ligg og kulturopplevingar knytt til landbruk og matproduksjon, stølsdrift, jakt og fiske.

I tillegg er Modalen populær som destinasjon for flåten med fritidsbåtar der Mo er eit populært mål i Osterøy-bassenget, med restaurant, drivstoff og butikk.

Det har dei seinare åra vore ei monaleg utbygging av fritidsbustader og fleire er under planlegging. Særlig gjeld dette Nygård-området med fjellområda og dalane omkring som trekkplaster.



Bilde 7: Padling på Mofjorden (© Mobryggja as)

I gjeldande plan er det vurdert å vere tilstrekkeleg ledig areal for fritidsbustadar i fjellet.


Innspel frå innbyggjarar syner at det er etterspurnad etter fritidsbustadar i Modalsdalføret og ved sjøen. Denne etterspurnaden ser ikkje ut til å gjelde utbygging av store hyttefelt men heller nokre få spreidde hytter utvalde stader.



Bilde 8: Frå Otterstadstølen (© Mobryggja as)

I førre kapittel kjem det fram at Modalen kommune ønskjer å satse på reiselivet og at det er behov for eit senter der mellom anna reiselivsaktørar kan etablere seg.

Utfordringa er korleis reiselivsaktørane kan utnytte Modalen sine fortrinn i konkurransen med andre turiststader i regionen. Svaret på ei slik utfordring ligg ikkje i kommuneplanen sin arealdel aleine, men i ei samordna satsing med fleire offentlege og private verkemiddel.



Bilde 9: Frå hytteområdet i Kvanndalen ved Nygard

Planen kan likevel bidra positivt i ei slik satsing. For det første gjennom å legge ut areal for etablering av fasilitetar for reiselivet og for den andre å bidra til vern av dei arealmessige verdiane som gjer Modalen til ein attraktiv destinasjon.

I planprosessen er det avdekka eit ønskje om å satse på gardsturisme og at planen skal kunne opne for at einssilde gardbrukarar kan nytte areala på garden til meir reiselivsrelatert verksemd. Ei slik satsing kan gjere gardsbruka

meir økonomisk robuste og sikre matproduksjon og vedlikehald av kulturlandskapet.

Modalen er «Porten til Stølsheimen». Marknadsføring av Stølsheimen som eit av dei viktigaste turområda i nærleiken av Bergen kan verte sentral i Modalen kommune si satsing på reiselivet. Kommuneplanen bør legge til rette for at dei viktigaste stølane og turdraga kan oppretthaldast og vert kartfesta i planen.

Modalen kommune sine behov


FRITIDSBUSTAD

- Areal til bygging av einssilde hytter, ikkje behov for nye større hyttefelt

Modalen kommune sine behov

REISELIV

- Legge til rette for gardsturisme
- Sikre vern og bruk av stølar og turdrag i Stølsheimen
- Vern av verdifulle friluftsområde mot bygging.



Bilde 10: Mo sentrum

2.5. MO SENTRUM

Mo er kommunen sitt sentrum. I dei seinare år har det vore stor utvikling her med bygginga av Bryggjeslottet som siste tilvekst. Eit attraktivt og inkluderande sentrum med eit breitt tilbod av funksjonar og gode kvalitetar både inne og ikkje minst utandørs i det offentlege rom er vurdert som svært viktig for Modalen kommune.

I fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel står det at eit kommunesenter skal vere lokaliseringsstad for arbeidsplassar, kommunal administrasjon, kommunedekkjande offentlege og private tenester og kulturtilbod. Mo sentrum i dag dekkjer desse krava, men Modalen kommune ser at det er potensiale for vidare utvikling av

kommunesenteret med tanke på betre kvalitetar og fleire funksjonar.

I dag er sentrumsfunksjonane samla kring kommunehuset og Bryggjeslottet sør for elva heilt inntil den bratte fjellsida mot Husafjellet. Like i nærleiken ligg kyrkja og parkområdet ved utløpet av elva og med badestrand ved sjøen.

I gjeldande plan er det definert eit areal for offentlig tenesteyting like i bakkant av dagens kommunehus. Dette arealet er stort nok til å handtere kommunen sitt behov i lang tid.

Det er likevel mogleg å diskutere i kva grad dette arealet er optimalt for ei vellukka vidareutvikling av Mo eller om ein bør sjå etter andre areal i området med betre eigenskaper knytt til soltilhøve, friluftskvalitetar og tilgjenge.

I kapittel 2.3 vert behovet for etablering av et nærings- og tenestesenter lansert. For at ei slik etablering skal verte vellukka må det utformast med klare krav til kvalitet, attraktivitet og offentlegheit. Eit slikt senter må vere attraktivt for publikum og fleksibelt for brukarane.

Ein annan viktig suksessfaktor for Mo sentrum er etablering av eit attraktivt og variert sentrumsnært bustadtilbod. Dette er omtalt i kapittel 2.2, men har stor relevans for sentrumsutviklinga. Samspel mellom bustader, tenester, arbeidsplassar, fritidstilbod og uterom gjer at Mo sentrum kan halde fram med å vere eit attraktivt lite sentrum i regionen.

Modalen kommune sine behov

MO SENTRUM

- Vidareutvikling av sentrumsområdet
- Krav til kvalitetar i sentrum
- Fleire sentrumsnære bustadar
- Gode sentrumsnære uteområde

2.6. SMÅKRAFT

Dette kapitlet vil gje ein kort gjennomgang av kva prosess som ligg bak ein søknad for bygging av småkraft-anlegg og korleis kommunen kan spele ei aktiv rolle i å styre utbygginga av småkraftanlegg.

Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE) delar små kraftverk inn i følgjande kategoriar⁵:

- Mikrokraftverk under 100 kW
- Minikraftverk 100 – 1000 kW
- Småkraftverk 1000 – 10000kW

For at ein grunneigar eller fallrettshavar skal kunne bygge ut eit småkraftanlegg må det normalt søkast om konsesjon frå NVE. I særlege tilfelle kan ein gå rett på byggjesak i kommunen. Dette gjeld i all hovudsak mikro- og minikraftverk.

I prosessen for å leggje til rette for utbygging av småkraftverk er det eit føremon om kommunen har teke stilling til kva vassdrag som frå kommunen si side kan vere aktuelle å byggje ut. Olje og energidepartementet⁶ rår til at kommunen nyttar kommuneplanen sin

⁵ *Veileder i planlegging, bygging og drift av små kraftverk*: NVE 2010



Bilde 11: Energiressursar

arealdel aktivt for å leggje til rette for ein berekraftig utvikling av småkraft. Kommuneplanen sin arealdel vil vektleggjast av konsesjonsmynde i handsaminga av konsesjonar for småkraft.

Det er ikkje krav til utarbeiding av reguleringsplan for anlegg for produksjon av elektrisk energi etter energilova, vassressurslova eller lov om vassdragsregulering. Det kan likevel vere behov for reguleringsplan om anlegget skal inkludere vegar eller andre tiltak som ikkje direkte er knytt til energiproduksjonen.

⁶ Temarettleiari: Energiltak og plan- og bygningsloven. OED 2009

Kommunen har mynde til å gje motsegn til vedtak i konsesjonssaker. I slike tilfelle vil det verte mekling og eventuell endeleg avgjerd i olje og energidepartementet (per okt. 2013) .

Modalen kommune har utarbeidd framlegg til småkraftplan. Denne dannar grunnlaget for korleis temaet vert vurdert i kommuneplanen sin arealdel.

Frå fylkesdelplan for små kraftverk

(Hordaland fylkeskommune (2009):

Modalen – Eksingedalen delområde har eit stort potensial for småkraft. Det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden og i Mo sentrum. Indre Osterfjord har stor grad av fjordlandskap med urørt preg som er unikt i fylket, og utbygging her vil påverke regionale verdier.

Mykje av vassdragsnaturen er regulert i samband med kraftbygging og det er viktig å ta med i vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt, særleg for område med stor friluftaktivitet.

Småkraftplanen går gjennom dei 22 mest aktuelle nedbørsfelt i Modalen og vurderer desse med omsyn til kva konfliktpotensial ein kan forvente ved utbygging av desse vassdraga.

I følge NVE er det i Modalen i dag gitt tre småkraft-konsesjonar. Det gjeld Grønnhaug kraftverk (1999), Kvernhuselvi kraftverk (2011) og Nottveit kraftverk (2011).

Per november 2013, er det 9 konsesjonssaker til handsaming hjå NVE:

- Nåmdalselva/ Krossdalselvi
- Tverråni
- Bleidalselva
- Seljedalselva
- Budal II
- Todeiselva
- Sollielva
- Almelidelva
- Fjellstølen/Langedalselva

Figur 9: Status for småkraft i Modalen, syner kva nedbørsfelt som er vurdert i småkraftplanen og kva nedbørsfelt som er eller har vore gjenstand for konsesjonshandsaming. Kartet syner at dei nedbørsfelt der det har vore søkt om eller gitt konsesjon er vurdert med gul konfliktgrad i småkraftplanen, medan Almelidelvi, Kvernhuselvi og Støselvi ikkje er vurdert.

Bleidalselvi er ikkje vurdert spesielt, men Budalselvi er vurdert med gul konfliktgrad. Det er uvisst om konfliktgraden ville ha vorte vurdert ulikt om Bleidalselvi hadde vore vurdert separat.


Det er ei utfordring at ein ikkje veit kva omfang ei kraftutbygging vil ha før søknaden er formulert. Uavhengig av kommuneplanen sin arealdel vil det vere naudsynt at kommunen er aktiv part i konsesjonsprosessen slik at

kommunen sine interesser vert kjend for NVE og søkjar. Generelt sett er Modalen kommune positiv til småkraft som ei tilleggsnæring for grunneigarar så lenge tiltaka ikkje inneber uhaldbare konsekvensar for miljø og samfunn.

Modalen kommune sine behov

Småkraft

- Vern av vassdrag som kommunen ikkje ønskjer utnytta til kraftutbygging



Figur 9: Status for småkraft i Modalen per nov. 2013.



Bilde 12: Lam frå Modalen

2.7. LANDBRUK

Landbruket har i alle tider vore viktig for Modalen kommune. Landbruket bidreg ved sida av matproduksjon til busetnad, oppretthald av kulturlandskapet og kultur.

I dag er landbruket i endring. Dagens landbrukspolitik med vekt på storskala produksjon passar dårleg med jordbruksstrukturen i Modalen og resultatet vert færre bønder og nedlagde gardsbruk.

Det er store ledige beiteareal i utmarka, noko som gjer at utmarka gror att og kulturlandskapet som er ein viktig del av det

vestlandske landskapsbilete endrar seg ved attgroing⁷. Dette kan ha konsekvensar for attraktiviteten til landskapet som er så viktig for mellom anna reiselivet.

Landbruksplanen for Modalen inneheld eit kart som syner kjerneområde for landbruk. Dette representerer kommunen sine viktigaste samanhengande areal knytt til jord- og skogbruk.

Det er avgrensa i kva grad kommuneplanen sin arealdel kan løyse desse utfordringane. Det er viktig at planen ikkje legg til rette for utbygging på dyrka mark, utan at ein kan peike på reelt areal som erstatning. Ein kan gjennom arealdelen gjere det enklare for gardbrukarar å nytte areala sine til verdiskaping knytt til ressursgrunnlaget på garden gjennom å legge til rette for gardsturisme med utsal og overnatting.



Figur 10: Frå statens vegvesen si oversikt over norske trafikkskilt

Modalen kommune sine behov

LANDBRUK

- Sikre ressursgrunnlaget for landbruket og viktig kulturlandskap
- Betre rammevilkår for satsing på gardsturisme

⁷ Landbruksplan for Modalen og Vaksdal (2007)

2.8. ANDRE TEMA

2.8.1. TRAFIKK OG SAMFERDSLE

Modalen sine viktigaste ferdslårer er fv.569 Romarheim – Dalseid og fv. 345/356 Mo – Steinsland. Fv.569 koplår Modalen saman med sine nabokommunar Vaksdal og Lindås, og er det raskaste vegen til E39 ved Romarheim.

Strekninga Mo – Romarheim er den viktigaste kopling mellom Modalen, Nordhordland og Bergen. Reisetid til Bergen sentrum er ca en time og 20 minutter.

Begge desse fylkesvegane har låg trafikk, 200-350 ådt⁸ og fleire strekningar har til dels låg standard. Det er berre registrert tre ulukker med personskade dei seinaste 10 åra⁹ ingen av desse innebar alvorlege personskader.

Det er behov for å utbetre einskilde strekningar langs fylkesvegnettet som anten er utsett for ulukker grunna vegstandard eller rasfare. Til dømes er strekninga langs fv.569 ved Slottet utsett for rasfare og fleire mindre strekk langs

⁸ Årdøgnstrafikk: summen av talet på køyretøy som passerar eit punkt på ein vegstrekning gjennom året, dividert på dagar i året.

fv.345 er for smal slik at faren for møteulukker kan være høg.

Planprogrammet peiker på at Modalen kommune må arbeide med å utbetre fv.569 Dalseidet – Romarheim. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for utbetringar på fylkesvegnettet, men kommunane kan kome med innspel til fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom regional transportplan.

Kommunen kan starte opp prosessar med vegutbetringar eller liknande gjennom t.d. kommunedel- eller reguleringsplanar.

Når det gjeld kollektivtransport er det viktig at ein satsar på attraktivitet for dei som primært nyttar slik transport. Framlegget til kommuneplanen sin samfunnsdel seier at kommunen skal bidra til at det vert utarbeidd gode kollektivløysingar som gjer det lettare for ungdom å reise til og frå Modalen på kveldstid.

⁹ Nasjonal vegdatabank (NVDB)

Modalen kommune sine behov

SAMFERDSLE

- Sikre trygg skuleveg frå alle nye bustadområde
- Skredfarlege område skal synast i planen

Modalen kommune sine behov

STRANDSONE

- Kommunen si mest verdifulle strandsone skal sikrast for ålmenta

Modalen kommune sine behov

BARN OG UNGE

- Barn og unge skal ha varierte område for leik og friluftsliv nær bustadane sine.
- Barn og unge skal ha trygg skuleveg.

I regional transportplan står det at alternativ ruteproduksjon kan vere tenleg i område som Modalen. Det kan her vere tale om å endre rutestrukturen frå ordinære ruter som er fastsett i ein ruteplan til tingingstrafikk der transporten berre kører når det er trong for det. Ei slik løysing kan verte meir attraktiv og fleksibel for brukarar av kollektivtransport i Modalen enn dagens ordning.

Modalen kommune kan ha potensiale for å verte ein attraktiv kommune for sykkel. Både sykling som form for persontrafikk og som rekreasjon. Det er lite som tyder på at dagens trafikkmengd vil auke monaleg i løpet av planperioden, det er difor lite truleg at det er grunnlag for å etablere gjennomgåande sykkelveg i eigen trasé langs vegnettet i kommunen.

Kommunen kan sjølv ta initiativ til ein trafikksikringsplan som kan avdekke prioriterte område for vegutbetring. I kommuneplanen sin arealdel kan ein markere aktsemdområde for skred for å synleggjere strekningar med mogleg skredfare.

Det er viktig at kommuneplanen sikrar trygg skuleveg gjennom føresegnar til nye byggeområde.

2.8.2. STRANDSONE

Strandsoneverdiar i Modalen kommune er ein knapp ressurs som må takast vare på. Overgangen mellom land og sjø har særskilte verdiar både for innbyggjarar og besøkande, men og for natur og kulturmiljøet. Det er difor viktig at strandsona vernast på lang sikt mot inngrep som kan skade desse verdiane.

Fylkesmannen i Hordaland peiker i sitt høyringsfråsegn til planprogrammet at kommuneplanens arealdel bør inkludere ei kartlegging av strandsona og etablering av funksjonell strandsone som verkty for arealforvaltninga i strandsona.

Funksjonell strandsone kan nyttast som byggegrense i til dømes LNF-område som tillèt spreidd utbygging eller framtidige byggeformål med reguleringskrav.



Bilde 13: Badestranda på Mo


2.8.3. BARN OG UNGE

Plan og bygningslova slår fast allereie i §1 at oppvekstvilkår for barn og unge skal takas omsyn til i arealplanlegginga.


Barn og unge har ofte andre syn på kva areal som er verdifulle enn vaksne. For å kartleggje barn og unge sin bruk av kommunen sine areal har det vore gjennomført barnetrakk-registrering. Denne registreringa har kartlagt kva for areal i kommunen som har verdi for barn og unge og kva aktivitetar areala vert nytta til. I tillegg avdekkjer registreringa område der barna kjenner seg utrygge.

Figur 12 syner eksempel på kart frå barnetrakkregistreringa.

Det er viktig at arealplanen ikkje legg opp til endra arealbruk i slike viktige område for barn og unge utan at reelt erstatningsareal er vurdert og sikra.



Figur 12: Barneteikningar frå Barnetrakkprosjektet



Figur 12: Barnetrakkregistrering Mo

3. MÅL

3.1. INNLEIING

Med bakgrunn i dei behova som er presentert i førre kapittel er det formulert ei rekke mål for planarbeidet. Nokre av desse måla er overordna og kjem frå nasjonale og regionale mynde. Kommunen har og overordna mål for kommuneplanlegginga som legg grunnlaget for dei måla som er spesifikke for dei ulike emna som er presentert i kapittel 2.

Desse spesifikke måla, eller prosjektmåla vert nytta vidare i planlegginga ved at alle nye område som legg til rette for utbygging skal verte vurdert på måloppnåing. Fleire av desse måla kjem frå kommuneplanen sin samfunnsdel som er utarbeidd parallelt med arealdelen. I somme tilfelle har det vore naudsynt å skrive desse måla litt om eller legge til nokre mål for at dei skal kunne nyttast best mogleg i konsekvensvurderinga.



3.2. OVERORDNA NASJONALE MÅL

§ 1-1 i Plan- og bygningsloven (Pbl.) stadfestar kva som er det overordna formålet med planlegging i Noreg og er såleis det overordna målet for all planlegging etter Pbl (rammetekst).

Viktige nøkkelord er berekraftig utvikling, bruk og vern av ressursar, medverknad, konsekvensvurdering, barn og unge sine oppvekstvilkår og universell utforming.

Desse måla ligg til grunn for alle andre mål som vert formulert for kommuneplanen sin arealdel i Modalen.

Lovens formål:

«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.»

Pbl. § 1-1

3.3. HOVUDMÅL

Modalen kommune har i samfunnsdelen formulert følgjande hovudmål for rullering av kommuneplanen:

- Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
- Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
- Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
- I Modalen er område som legg til rette for god folkehelse gjennom fysisk aktivitet lett tilgjengeleg for alle.
- I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk.

Nøkkelord i desse målsetnadane med særleg relevans til arealdelen er attraktivt bumiljø, gode høve for samhandling i næringslivet, fysisk aktivitet og berekraftig landbruk. Med desse hovudmåla som utgangspunkt vil det

neste avsnittet presentere mål for ulike plantema.

3.4. PROSJEKTMÅL

Følgjande mål gjeld for kommuneplanen sin arealdel.

- M-1.** Arealreserve for bustadbygging med sikte på eit folketal på 500 personar innan 2040.
- M-2.** Meir variert bustadtilbod i sentrum.
- M-3.** Eigna lokalklimatiske og geografiske tilhøve for god bu-kvalitet.
- M-4.** Utvikling av Mo sentrum som regional møtestad.
- M-5.** Planen skal bidra til at satsing på landbruksbasert turisme vert enklare.
- M-6.** Nye byggeområde bør ikkje lokaliserast i kjerneområde for landbruk
- M-7.** Vassdrag vurdert med høg konfliktgrad i småkraftplanen skal ikkje byggast ut til kraftproduksjon
- M-8.** Trygg skuleveg for alle skuleelevar i kommunen.
- M-9.** Unngå auka privatisering i strandsona

Alle forslag til ny arealbruk skal vurderast opp mot dei av desse måla som er relevante i konsekvensvurderinga.

4. KONSEKVEN舜UTGREIING

4.1. INNLEIING

Alle forslag til ny arealbruk som legg opp til bygging skal gjennom ei konsekvensutgreiing. Utgreiinga vurderer i kva grad forslaget er eigna til formålet utan urimelege konsekvensar for miljø og samfunn.

Forslaga til arealbruk kjem i hovudsak frå kommunen gjennom arbeidet med kommuneplanen, medan nokre av forslag kjem som følgje av innspel frå bebuarar og andre private interessentar.

I somme tilfelle er det vurdert ulike alternativ for utbygging. Dette gjeld bustader, sentrumsområde og fritidsbustadområde ved Mostraumen. I desse tilfella er det i utgangspunktet berre eitt område av fleire som er aktuelt å legge fram i planen. Konsekvensutgreiinga kan og peike på at den beste løysinga kan vere kombinasjonar eller variantar av alternativa.

4.1.1. INNSPEL TIL PLANROGRAM

I samband med høyring av planprogrammet vart det motteke åtte innspel til arealplanen frå private aktørar.

INNSPEL:

- I - 1.** Fritidsbustad ved Mostraumen (to innspel som gjeld same lokalitet.)
- I - 2.** Naustområde ved Nottveit
- I - 3.** Småkraftanlegg Nottveitelvi
- I - 4.** Fritidsbustad ved Eikhaugane
- I - 5.** Fritidsbustad ved Almelid
- I - 6.** Fritidsbustad i Kvanndalen
- I - 7.** Oppstillingsplass for campingvagnar ved Nygard (Krossvatnet)
- I - 8.** Forlenging av midl. løyve til motorsport

Alle desse innspela med unntak av I-3, I-7 og I-8 er vurdert med omsyn på konsekvensar. Endringane vert presentert nærare under dei ulike arealformåla i dei følgjande avsnitta.

Når det gjeld I-3 er det vurdert at reguleringsplan for småkraft i eit område med godkjent

konsesjon er i samsvar med formål LNF-område.

Innspelet I-7 er vurdert slik at dette skal vere ein plass for oppstilling av campingvagnar utan andre fasilitetar. Til det er formålet 'parkering' som ligg i gjeldande plan vurdert som tilstrekkeleg. Om innspelet gjeld etablering av campingplass med sanitæranlegg, og andre støttefunksjonar er det behov for ei endring av arealformålet og konsekvensutgreiing.

I-8 er ikkje vurdert å vere relevant for kommuneplanen sin arealdel.

4.1.2. INNSPEL TIL HØYRING AV PLANFORSLAGET

Planforslag låg til høyring i perioden 19. juni til 20. september 2014. Modalen kommune har motteke i alt 25 innspel. Ingen offentlege høyringspartar varsla motsegn mot planforslaget.

Kommunen har ikkje gjort endringar som følgje av innspela som inneber nytt offentleg ettersyn etter plan- og bygninglova.

Dei endringar som er gjort i arealdelen er presentert i kapittel 5

4.2. FORSLAG TIL NY AREALBRUK

4.2.1. BUSTADAREAL

I gjeldande plan er alle byggeområde i hovudsak ferdig utbygt i tråd med respektive reguleringsplanar jfr Tabell 2. Unntaka er eit framtidig bustadområde ved Heiane og eit ved Øvre Helland.

I tråd med prinsippa for samordna areal- og transportplanlegging er det tenleg å lokalisere nye bustader i samsvar med etablert senter- og bustadstruktur. Nært eksisterande veg og med høve til å syte for teknisk infrastruktur på ein økonomisk forsvarleg måte.

Med bakgrunn i slike prinsipp og måla frå kapittel 3 bør hovuddelen av nye bustader lokaliserast på Mo og ved Øvre Helland. Det er vurdert at det er nok tomteareal ledig på Nedre Helland for denne planperioden.

Som tidlegare nemnd er det ei utfordring å finne eigna areal for bustadbygging som ikkje fører med seg store negative konsekvensar for miljø, samfunn eller tryggleik. Det er likevel vurdert fleire alternative areal både på Mo og Øvre Helland.

Mo/Otterstad

På Mo og Otterstad er det vurdert fire ulike areal for bustadbygging, Figur 13. Alle desse areala er store nok til å etablere nok bustader i

planperioden i tråd med mål om å legge til rette for folkeauke. Dei er og alle innanfor ein 800m radius frå Mo sentrum (kyrkja) og har såleis gang/sykkelavstand til sentrum.



Figur 13: Alternative areal for bustad på Mo

Øvre Helland

I gjeldande plan ligg det eit areal avsett til bustadformål i området aust for krysset mellom fv. 345 og Nygardsvegen. Dette arealet er stort nok til å oppnå mål om auka busetnad.

Det er i tillegg vurdert to alternative areal for bustadbygging ved Øvre Helland, Figur 14. Grunnen til at nye areal er vurdert er at byggearealet i gjeldande plan ikkje er vurdert som optimalt med omsyn på mellom anna lokalklimatiske tilhøve.



Figur 14: Alternative areal for bustad på Øvre Helland

Andre område for bustadbygging

Modalen kommune ønskjer i tillegg til områda ved Mo og Øvre Helland å vurdere bustadareal i området aust for Otterstad kalla Trohaugen. Her har det vore uttak av massar tidlegare, men den drifta er i dag opphørt.

For å sikre eit variert bustadtilbod inneheld planen område definert etter formålet LNF-spreidd bustad. Slike område opnar for eit definert tal bustadar innanfor eit LNF område.

I gjeldande plan ligg det eit slikt område på Farestveit som opnar for bygging av fire bustader i planperioden. Dette området og kvota vert vidareført i denne planen.



Figur 15: Bustadareal ved Otterstad aust (Trohaugen)



Figur 16: Nytt LNF-spreidd område ved Hugnadstad


4.2.2. FRITIDSBUSTADER

I avsnittet om fritidsbustader i kapittel 2 slår ein fast at det er nok areal til fritidsbustader i kommunen, men at planen bør kunne opne for bygging av einstilte hytter langs fjorden og i hovuddalføret. Som nemnd har kommunen motteke fire innspel til planprogrammet, med ynskje om byggeområde for fritidsbustader.

Alle desse innspela er vurdert i konsekvensutgreiinga, og i tillegg er eit alternativt areal ved Mostraumsvika vurdert.



Figur 18: Alternative areal for Hyttebygging ved Mostraumen



Figur 17: Område for hyttebygging ved Eikhaugane og Almelid

4.2.3. MO SENTRUM

Modalen kommune meiner at Mo sentrum bør ha høve til utvikling og vekst i planperioden. Kommunen ønskjer som nemnd i kapittel 2 å legge til rette for etablering av eit nærings- og tenestesenter og eit meir variert bustadtilbod.

Med auka tal på innbyggjarar kan ein og forvente eit større behov for ulike tilbod som kan lokalisrast i sentrumsområdet, som butikkar, kafear etc.

Kommunen har eit mål om at sentrum i Modalen ikkje berre skal tene kommunen sine egne innbyggjarar, men og innbyggjarar frå nabokommunane og tilreisande.

I gjeldande kommuneplan er det avsett eit areal til utviding av sentrumsfunksjonar bak dagens kommunehus. Dette arealet er stort nok til å handtere sentrumsutviklinga i planperioden

To alternative strategiar for sentrumsutvikling er vurdert i denne planen.

Alternativ A inneber at ein hald fast ved Mo sentrum si noverande utstrekning med det tilleggsarealet som ligg i gjeldande plan. Her kan ein opne for omregulering av dagens



Figur 20: Område for sentrumsutvikling

sentrumsområde med sikte på å legge til rette for bustader og eventuelt lokaliseringa av eit nærings- og tenestesenter.

Eit meir omfattande alternativ vil vere å ta i bruk arealet som ligg nordvest for Moevi, langs fjorden mot Kvernhuselvi (alternativ B). Dette arealet har gode kvalitetar for sentrumsutvikling. Området er solrikt, har kontakt med sjøen og elva og ligg ved fv. 569.

Ein føresetnad for å velje alternativ B er at ein ser det i samanheng med bustadområde A på Mo, ref. Figur 13.



Figur 19: Skissert sentrumsutvikling Alternativ B

4.2.4. ANNA NY AREALBRUK

I tillegg til dei omtalte områda for utbygging er det foreslått nokre mindre endringar i arealformåla. Dette er i hovudsak for betre å representere dagens bruk. Til dømes er to område langs sjøen ved Nottveit lagt inn i planen som område for naustbygging. Denne endringa krev konsekvensvurdering

Det er ytra ønske om satsing på gardsturisme på eit gardsbruk i Mo sentrum. Dette området er difor definert som LNF- område der næringsbygg er tillate. Planen opnar gjennom ei slik endring for at arealet mellom anna kan nyttast til oppføring av bygningar for overnatting etc.

Småbåthamna ved Mostraumen som i gjeldande plan ikkje er markert med rett arealformål er markert som småbåthamn i planen. Det er ikkje lagt inn noko areal for utviding av denne og denne endringa krev ikkje konsekvensutgreiing.

Dei områda som i gjeldande plan har formålet råstoffutvinning men der slik aktivitet er avslutta, vert ført attende til LNF-område. Desse områda kan vere aktuelle som erstatningsareal for den dyrka marka som i

denne planen er definert som byggjeområde på Mo.

Andre mindre endringar i planen som ikkje krev konsekvensutgreiing er ei tilpassing av arealformåla til reguleringsplanen for bustad og barnehage på Nedre Helland. Justeringa er gjort slik at ein ikkje skal risikere at det vert motstrid mellom overordna plan og ein reguleringsplan som er under utbygging. Det same gjeld for hytteområdet i Kvanndalen ved Nygard. Arealformålet 'fritidsbustad' er tilpassa avgrensinga i reguleringsplanen som er til handsaming.

Byggeområde for fritidsbustader i Hellandsdalen er teken ut av planen mellom anna grunna rasfare og vanskeleg tilgjenge langs veg.

4.3. KONSEKVENSTUTGREIING

4.3.1. METODE

- *For kommuneplanen sin arealdel skal konsekvensutgreiinga syne kva verk-
nader nye område for utbygging har for
miljø og samfunn¹⁰. –*

Planprogrammet har fastsett kva tema som skal vurderast i utgreiinga. Desse er henta dels frå vegvesenet si handbok 140¹¹ og frå MD sin rettleiar.


Denne konsekvensutgreiinga nyttar metode frå Statens vegvesen si handbok 140. Denne metoden inneber at ein først kartlegg kva verdiar som finst knytt til kvart tema. Desse verdiane vurderast på ein skala frå liten- via middels- til stor verdi.

Verdivurderingane i ein overordna arealplan som kommuneplanen sin arealdel baserer seg i stor grad på eksisterande kunnskap.



¹⁰ Frå Miljøverndepartementet sin rettleiar for konsekvensutgreiingar, 2012. (omsett)

Når verdiane i eit område er fastsett vurderast omfanget det aktuelle tiltaket (arealet) har på området. Omfanget vurderast langs ein fem-delt skala:



Kriteria for verdi og omfangsvurdering er omtalt i handbok 140 for dei utgreiingstema som er omtalt her. Såleis er det berre for desse emna at metodikken er direkte anvendelig. For vurderingar av konsekvensar for barn og unge, trafikk teknisk infrastruktur, klima, energi og forureining samt folkehelse vil vurderingane følgje andre kriteria fastsett i ulike planar, målsetnader og strategiar.

Konsekvensen av eit tiltak (areal) kjem fram ved å sette saman verdiane i området med tiltaket sitt omfang. Konsekvensen vert uttrykkast langs ein skala med ni trinn frå svært stor positiv- (++++) til svært stor negativ konsekvens (----). I tillegg til å vurdere tiltaka sine konsekvensar knytt til ulike tema skal det

¹¹ Ikkje prissette konsekvensar

Verdi /ingen verdi	Omfang		
	Liten	Middels	Stor
Stort positivt	Meget stor positiv konsekvens (++++)	Stor positiv konsekvens (++++)	Middels positiv konsekvens (++)
Middels positivt			
Lite positivt	Liten positiv konsekvens (+)	Ubetydelig (0)	Liten negativ konsekvens (-)
Intet omfang Lite negativt			
Middels negativt	Middels negativ konsekvens (- -)	Stor negativ konsekvens (- - -)	Meget stor negativ konsekvens (- - - -)
Stort negativt			

Figur 21 Konsekvensvifta frå SvV handbok 140.

og vurderast i kva grad tiltaka bidreg til måloppnåing, ref. kapittel 3.

Ei samla vurdering av konsekvensar og måloppnåing avgjer om eit tiltak vert lagt inn i planen eller ikkje. Grunnlaget for ei slik

vurdering av kvalitativ og balanserer mellom konsekvensar og måloppnåing.

Til dømes kan ein rå frå å legge inn eit tiltak som tiltaket er vurdert å motverke til måloppnåing, eller ein kan velje å ta inn eit tiltak som har monaleg negative konsekvensar men svarar heilt grunnleggande på eit av planen sine hovudmål.

I tillegg til å vurdere konsekvensane av dei einskilte forslaga til ny arealbruk skal ein vurdere dei samla konsekvensane av endringane Dette gjerast etter same metodikk som for enkelttiltak.

4.4. DATAGRUNNLAG

4.4.1. NATURMILJØ

Alle vedtak som råkar naturmangfaldet skal grunnjevast og det skal gå fram korleis vurderinga er gjort. § 8 i naturmangfaldlova set krav til kunnskapsgrunnlaget som skal ligge til grunn for offentlege avgjerder. Behovet for kunnskap skal tilpassast saka og risiko for skader på naturmangfaldet. Dersom det er fare for skade på naturmangfaldet må meir kunnskap innhentast dersom det er mogleg, eller så vil føre-var prinsippet i § 9 leggest større vekt på.

I ein overordna plan som kommunedelplan, er det naturleg å bruke kjend kunnskap. Databasar og rapportar som er nytta i denne utgreiinga er naturbase.no, artsdatabanken.no og andre rapportar (Naturtypar, Viltkartlegging, Verdifulle kulturlandskap).

4.4.2. LANDSKAPSBILETE

Norsk institutt for skog og landskap utvikla på 1990 talet eit Nasjonalt referansesystem for

landskap. Dette systemet deler opp landet i landskapsområder. Aurland naturverkstad publiserte ein rapport i 2011 der alle landskapsområda i Hordaland blei vurdert med omsyn på verdi¹².

Denne verdisettinga dannar grunnlaget for verdivurderinga for landskapsbilete, men verdien av dei ulike områda som er gjenstand for ny arealbruk må vurderast på eit meir detaljert nivå. Kriteria som er definert i handbok 140 vert nytta i vurderinga av verdien på landskapet og omfanget av endringane i planen.

4.4.3. NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV

Datagrunnlaget skriv seg frå kartlegging av nærmiljøverdiar og område med særleg verdi for friluftslivet med bakgrunn i synfaringar og lokalkunnskap. I tillegg er andre lokale og regionale planar for temaet nytta saman med registreringa av barnetrakk.

¹² Clemetsen, Uttakleiv, Skjerdal: *Aurland Naturverkstad: Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke* (rapport 07 – 2011)

4.4.4. NATURRESSURSAR

Konsekvensar for naturressursar vert vurdert ut frå korleis nye byggeareal etter planen påverkar ressursgrunnet for verdiskaping innan primær- og foredlingsnæringar. Typisk gjeld dette i kva omfang areal som vert nytta til landbruk, skogbruk, jakt og fiske vert definert som byggeareal og difor teken ut av «ressursbanken». Datagrunnet er arealressurskart (AR5), landbruksplaner og data for jakt, fangst og fiske samt masseførekomstar.

4.4.5. KULTURMINNE/ -MILJØ

Hovudkjelda til data kjem frå riksantikvaren og deira kartløyising Askeladden. Denne informasjonen vert supplert med Modalen kommune sin eigen plan for Kulturminnevern. I tillegg er det gjort ei vurdering av potensiale for funn av kulturminne. Potensiale for funn verkar ikkje inn på verdivurderinga i KU etter metodikken i handbok 140.

4.4.6. ANDRE TEMA

Dei tema som ikkje vert omfatta av metodikken i Handbok 140 vert omtalt i skjema for konsekvensutgreiing, men ikkje vurdert med

omsyn på verdi og omfang. Dette er fordi det ikkje er definert klare kriterier for ei slik vurdering. Konsekvensen er difor vurdert meir kvalitativt basert på dagens situasjon, planar og ulike utgreiingar.

4.5. RISIKO OG SÅRBARHEIT

4.5.1. METODE

Framgangsmåte

I denne analysen av risiko for menneske sine liv og helse, materielle verdiar og miljø vert hovudprinsippa i NS 5814:2008 Krav til risikovurderingar fylgd. Analysen følgjer og retningslinene i DSB sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i arealplanlegging».

Fareidentifikasjon

Vår framgangsmåte er først ein innleiande fareidentifikasjon. Fare er tilhøve som kan føre til konkrete, stadfesta hendingar. Fareidentifikasjonen vert utført ved hjelp av ei sjekklister med mogelege farar og sårbare objekt. For sårbare objekt er formålet å avdekke i kva grad tiltaket fører til ytterligere risiko ut over dagens situasjon.

Sjekklister som vert nytta i fareidentifikasjonen er basert på DSBs rettleiing Samfunnssikkerhet i arealplanlegging og GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging samt sjekklister frå fleire Fylkesmenn.

Vurdering av sårbarheit

Aktuelle farar vert tatt med vidare til ei sårbarvurdering. Sårbarheit definerast som «manglande evne hos eit analyseobjekt til å motstå verknader av ei uønskt hending og til å vinne att sin opphavlege tilstand eller funksjon etter hendinga. Sårbarheit er ei skjønnsfagleg vurdering. Farar som er vurdert å bidra til auka sårbarheit for ny arealbruk, eller farar der ny arealbruk kan bidra til auka sårbarheit for omgjevnadane dannar grunnet for formuleringa av uønskte hendingar.

Risikovurdering

Risiko vert definert som kombinasjonen av sannsynet for og konsekvensen av ei uønskt hending. Alle nye areal som legg til rette for utbygging vurderast med omsyn på risiko for dei uønskte hendingane som er relevante¹³. Risiko vert vurdert etter dei kriterier som gjeld for kommunen:

¹³ Sjå KU-tabellar for einskilde areal.

Akseptkriteria

Modalen kommune vedtok akseptkriteria for ROS-analysar i mai 2011. Det er formulert kriteria for sannsyn og konsekvens, og risikomatrise som følger:

S5 Svært sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20.år
S4 Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20 år, men mindre enn ei hending kvart 100 år.
S3 Sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 100 år, men mindre enn ei hending kvart 200 år.
S2 Mindre sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 200 år, men mindre enn ei hending kvart 1000 år.
S1 Lite sannsynleg	Ei hending kvart 1000 år eller sjeldnare.

Tabell 3:kriteria for sannsyn

Tabell 4 Riskomatrise

	K1	K2	K3	K4	K5
S5					
S4					
S3					
S2					
S1					

Tabell 5: Kriteria for konsekvens

	Menneske	Miljø	Materielle verdiar	Samfunnsviktige funksjonar	Tenesteyting/produksjon
K1 Ufarleg	Ingen personskade.	Ingen miljøskader el. Forureining av omgjevnadane.	Små eller ingen skade på materiell eller andre verdiar. Skade under kr 100 000. Prod stans mindre enn ei veke.	Funksjonen er midlertidig ute av drift, ingen direkte skader og kun mindre driftsforstyrrelsar.	Skader opp til kr 100 000. Produksjonsstans mindre enn ei veke.
K2 Ein viss fare	Få og små personskader, korte sjukefråvær.	Mindre skader på miljøet som vert utbetra etter relativt kort tid.	Mindre lokal skade på materiell, utstyr og andre øk. verdiar. Skade under 1 mill kroner. Prod stans under 3 veker	Funksjon midlertidig ute av drift, berre mindre skader. Alternative løysingar fungerer	Skader avgrensa til 1mill. kroner. Prod. stans under 3 veker
K3 Farleg	Få, men alvorlege personskader. Mange mindre personskader (> 10)	Miljøskader av stort omfang, med m/middels alvor og/eller skader av lite omfang m/ høgt alvor.	Alvorleg skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader < 10 mill kroner . Produksjonstans over 3 veker.	Funksjon ute av drift i fleire døgn. Mindre skader på alt. løysingar. Store driftsmessige forstyrrelsar.	Skader < 10 mill kroner. Produksjonsstans over 3 veker.
K4 Kritisk	Inntil 2 døde, og eller 5 alvorleg skadde, og eller meir enn 10 evakuerte.	Store og alvorlege miljøskader.	Tap av og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade opp til 50 mill kroner. Produksjonsstans over 3 månader.	Funksjonen ute av drift over lengre tid. Skader også på alternative løysingar, eller manglande alternative løysingar. Stor driftsmessige forstyrrelsar.	Skader avgrensa til 50 mill kroner. Produksjonsstans over 3 mnd.
K5 Katastrofalt	Meir enn 2 omkomne, og/eller meir enn 5 skadde, og/eller meir enn 10 evakuerte.	Langvarig, i verste fall varig alvorleg skade på miljøet.	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade for over 50 mill kroner. Produksjonsstans over eit år.	Funksjonen er permanent sett ut av drift.	Skader over 50 mill kr. Produksjonsstans over eit år.

4.5.2. FAREKARTLEGGING

Fare	Er det forhold som kan tenkjast å medføre fare?
NATURBASERTE er avgrensa til de naturlige, stedlige forholdene.	
Skred	Store delar av kommunen er vurdert som utsett for skred. Temaet vurderast
Flaum	Moelvi og sideelvar kan fløyme ved store nedbørsmengdar. Temaet vurderast
Springflo	Områda nær fjorden og utløpet av Moelvi kan vere utsett for høgt havnivå som gølgje av spring- eller stormflo Temaet vurderast
Vind, ekstremnedbør	Store nedbørsmengder er vanleg i Modalen Temaet vurderast.
Auke i havnivå	Områda nær fjorden og utløpet av Moelvi kan vere utsett for høgt havnivå som gølgje av spring- eller stormflo Temaet vurderast
Skogbrann	Det er mykje skog i Modalen. Temaet vurderast
Radon	Gjennom teknisk forskrift vert det stilt krav til gjennomføring av tiltak i vidare planlegging/prosjektering av bygningar for å hindre uønskete radonkonsentrasjonar i inneluft. Temaet vert ikkje vurdert.
FARAR FRÅ VERKSEMDER	
Brann/ekspløsjon ved industri-anlegg	Det er ikkje bedrifter med potensiale for store ulukker i Modalen. Temaet vert ikkje vurdert.
Kjemikalieutslipp, akutt ureining	Det er ikkje verksemdar med særskilt potensiale for slike utslipp i Modalen. Temaet vert ikkje vurdert.

Fare	Er det forhold som kan tenkjast å medføre fare?
Transport av farleg gods	Det er lite transport av farleg gods langs fylkesvegane i Modalen. Temaet vert ikkje vurdert.
Ureina grunn	Det er ikkje registrert område med ureina grunn i Modalen. ¹⁴ . Temaet vert ikkje vurdert.
Elektromagnetisk stråling	Det er krav om at bygg for varig opphald ikkje skal lokaliserast der elektromagnetisk stråling er sterkare enn grenseverdiene. Temaet vurderast ikkje
Dambrot	Det er fleire dammar i kommunen. Temaet vurderast
FARAR KNYTT TIL INFRASTRUKTUR	
VA leidningsnett	Det er ikkje vurdert at brot på VA-leidningsnett er aktuelt på dette plannivået, men bør vurderast i regulerings eller prosjekterings fasen. Temaet vert ikkje vurdert.
Trafikkulukker	Endringar i arealbruk kan påverke trafikktryggleiken. Temaet vurderast
Skipstrafikk	Ikkje aktuelt
Brot på el-forsyning	Det er fleire anlegg for kraftproduksjon i kommunen Temaet vurderast
Brot på drikkevassforsyning	Endringar i kommuneplanen kan påverke drikkevassforsyninga. Temaet vurderast
SÅRBARE OBJEKT	
Helse- og omsorgsinstitusjonar	Det er helse og omsorgsinstitusjonar i Modalen Temaet vurderast
Viktige offentlege bygg	Viktige offentlege bygg inkluderer skular, barnehagar, kommunehuset og kyrkja. Temaet vurderast
Kulturminne	Endra arealbruk kan auke risiko for skade på kulturminne Temaet vurderast

Fare	Er det forhold som kan tenkjast å medføre fare?
Natur (område med særskilt naturverdi)	Endra arealbruk kan auke risiko for skade på område med særskilt naturverdi Temaet vurderast

Farekartlegginga har avdekkja at følgjande farar er relevante for sårbarvurdering

- Skred
- Flaum
- Springflo
- Ekstremnedbør
- Auke i havnivå
- Skogbrann
- Dambrot
- Trafikkulukker
- Brot på el-forsyning
- Brot på drikkevassforsyning
- Sårbare objekt:
 - Helse og omsorgsinstitusjonar.
 - Offentlege bygg.
 - Kulturminne.
 - Naturområde.

¹⁴ www.miljostatus.no

4.5.3. SÅRBARVURDERING

Skred

Det er gjennomført skredfarekartlegging i 2012 i samband med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Denne kartlegginga har vurdert skredfaren i områda kring Mo og Øvre Helland. Rapporten inneheld ei faresone for skred for desse områda, og denne er nytta i vurderinga av skredfare i denne planen. Der denne rapporten ikkje har vurdert skredfaren er det aktsemdsområda som definert av NGU som dannar grunnlaget for vurderinga.

Det er vurdert at alle nye arealformål som opnar for bygging i Modalen kan vere sårbare for skredhendingar. Særleg større snø eller steinskred er vurdert som relevante uønskte hendingar.

UH1: Større stein- eller snøras.

Flaum

Moelvi er regulert og vassføringa er såleis kontrollert. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at elva kan fløyme over sine breidder særleg ved Mo. BKK har utarbeidd flaumsonekart som syner kva områda som kan ventast å verte råka av ein tusenårsflaum, ei flaum som har eit årleg sannsyn på 1/1000 for å finne stad.

I tråd med teknisk forskrift skal bustader og andre bygg for varig opphald som ikkje er særleg sårbare sikrast mot 200års flaum.

Det føreligg ingen analyser for flaumsoner med hyppigare returintervall. Det er vurdert at nye byggeområde kan vere sårbare for flaum.

UH2: Flaum

Springflo

Springflo er særleg stor flo som følgje av månen og sola si gravitasjon og er periodiske hendingar. Stormflo er auke i havnivå som følgje av atmosfæriske tilhøve som gjer at havvatn vert pressa mot Norskekysten som følgje av vind og lufttrykk. Kombinasjonen av desse kan ein kalle for ekstremflo og er hendingar der havnivået når eit maksnivå. Ei slik hending med 100 års returintervall vil i Bergen tilseie eit havnivå på ca +275cm over middelasstand.

Det er vurdert at byggeområde i planen kan vere sårbare for slike hendingar, men da som følgje av oppstuing av elvevatn ved utløpet av Moelvi. Ei slik hending deler karakteristika med flaumhendingar. Springflo er difor vurdert gjennom UH2

Ekstremnedbør

Modalen er eit av dei områda i Noreg som opplever mest nedbør i løpet av året. Som følgje av klimaendringane kan periodar med ekstremnedbør skje oftare i framtida.

Faren med slike hendingar er knytt til problem med handtering av overvatn og flaum frå vassdrag. Ettersom det er få store flatar i Modalen der naturleg drenerande overflate skal erstattast med asfalt eller andre tette overflatar er det vurdert at ny arealbruk er lite sårbar for overvassproblem. Fare for flaum vert vurdert i UH2

Auke i havnivå

Dette er omtalt under Springflo

Skogbrann

I periodar med tørt ver særleg om våren kan skogbrannfaren i Modalen verte stor. Nye byggeområde kan vere sårbare for store skogbrannar.

UH3: Stor skogbrann

Dambrot

Fylkes ROS frå 2009 seier at på større dammar til kraftproduksjon i Hordaland er god og at alle desse er konstruert for å handtere 1000 års

flaum. Dei er og dimensjonert for å stå imot terroranslag om dei er bygt etter 1945.

BKK sine flaumsonekart syner areal som vert råka av brot på dam ved Holskardvatn. Det er vurdert at nye byggeområde kan vere sårbare for dambrot.

UH4: Dambrot

Trafikkulukker

Det er vurdert at nye byggeområde ikkje vil genererer så mykje trafikk at sårbarheita vert merkbar større. Trafikksikkerheit er tema i vurderinga av konsekvensar for dei ulike nye områda.

Brot på el-forsyning

Det produserast mykje straum i Modalen og det er ikkje vurdert at nye byggeområde er sårbare for brot på straumforsyninga. Det er heller ikkje vurdert at nye byggeområde kan bidra til auka risiko for slike brot.

Brot på drikkevassforsyning

Vassforsyninga i Modalen kjem frå grunnvassbrønnar. Beredskapsplanen for vassforsyning påpeiker at slike brønnar er meir robuste for ureining og brot på vassforsyninga enn overflatevatten. Det er difor vurdert at den offentlege vassforsyninga er robust.

Sårbare objekt

Det er ikkje vurdert at nye byggeområde kan medføre auka risiko for uønskte hendingar der sårbare objekt vert skadd. Konsekvensar av nye byggeområde for naturmiljø og kulturminne er vurdert i konsekvensutgreiinga.

4.5.4. RISIKOVURDERING

Følgjande uønskte hendingar vil vurderast i KU:

UH1: Større stein- eller snøras


UH2: Flaum

UH3: Stor skogbrann

UH4: Dambrot

Risiko knytt til desse hendingane vil vurderast for alle foreslegne endringar i planen i KU-tabellane som følgjer.

4.6. KONSEKVENsutGREIING

KONSEKVENsAR ALTERNATIV A OTTERSTAD					
Planlagd arealbruk	Bustad				
Areal	25 daa				
Gjeldande arealbruk	LNF				
<p>Arealet ligg Nord-vest for Moelvi mellom ei rad med gardsbruk og bustader og fylkesvegen. Terrenget er høvesvis flatt og heller noko mot sør. Arealet er i sin heilskap dyrka mark nytta til grasproduksjon. Arealet er solrikt og ligg i gangavstand til Mo sentrum.</p>					
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens	
Landskap	Eit relativt stort område med kulturlandskap vert gjort om til byggeområde. At arealet ligg i tilknytning til bygnaden på Mo reduserer dei negative konsekvensane noko.	Middels	Middels negativt	Middels negativ (- -)	
Naturmiljø	Ingen viktige naturtypar registrert, heller ingen funn av raudlisteartar i området.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)	
Nærmiljø/ Friluftsliv	Arealet ligg på dyrka mark og er såleis ikkje ålment tilgjengeleg unnateke vinterstid. I følge barnetrakkregistreringa er arealet ikkje nytta av barn i særleg grad.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)	
Naturressursar	23 daa fulldyrka jord vert omdisponert til byggeareal. Dette er truleg eit av dei mest gunstige areala for jordbruk i kommunen med omsyn på lokalklima.	Stor	Stort negativt	Stor negativ (- - -)	
Kulturminne	Arealet er del av eit jordbruksmiljø delvis i opphavleg kontekst. Bruket sitt miljø er vanleg og inneheld bygg som bryt med tunforma (Rekka med moderne bustader). Arealet er del av eit vanleg kulturlandskap.	Liten/ middles	Lite negativt	Liten/middels negativ (-/- -)	

Andre tema	
Trafikk	Arealet er gunstig plassert i forhold til eksisterande trafikksystem. Utfordring å sikre gode løysingar for mjuke trafikantar over elva.
Teknisk infrastruktur	Arealet ligg gunstig til for tilkopling til kommunal teknisk infrastruktur og fiber.
Klima, energi og forureining	Arealet er vurdert som gunstig i høve klima, energi og forureining grunna nærleik til sentrum som innbyr til å nytte andre transportmiddel enn bil sjølv om privatbil framleis vil vere det viktigaste framkomstmiddelet om ein skal ut av kommunen. Det er ikkje lagt opp til strengare krav til energiforbruk eller utslepp enn det som er fastsett i lov og forskrift.
Folkehelse/barn og unge	Gangavstand til aktivitetstilboda i Mo sentrum og attraktive turområde er positivt. At desse tilboda kan nåast utan bil er særleg positivt for barn og unge.

RISIKOVURDERING ALTERNATIV A				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Mindre sannsynleg	Katastrofalt	Raud	Vurdering av skredfare i samband med planlegging av mogleg barnehagetomt avdekka behov for skredvoll om arealet skal byggast ut. I reguleringsfasen må rasfaren vurderast meir i detalj og sikringstiltak må treffast før utbygging kan skje.
UH2: Flaum	Mindre sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området kan verte råka av 1000års flaum. Manglande datagrunnlag for 200års flaum. Det bør utarbeidast flaumvurderingar i samband med ROS-analyse for reguleringsplanen.
UH3: Stor skogbrann	Lite sannsynleg	Farleg	Gul	Det er vurdert at ein skogbrann i dette området må vere uvanleg omfattande for å nå dette området. Det er ikkje vurdert å vere trong for særskilte risikoreduserande tiltak.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.

MÅLOPPNÅING ALTERNATIV A	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	Med 3 busette per daa har arealet ein kapasitet på 75 busette i planperioden. Det tilseier eit folketal på ca 470 innbyggjarar. Arealet svarer bra på målsetjinga om å legge til rette for folkeauke.
M-2: Meir variert bustadtilbod	Arealet kan nyttast til bygging av fleirmannsbustadar eller tilrettelagde bustader for ulike behov
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Høveleg solrikt samanlikna med dagens bustadareal på Mo
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Området ligg ikkje i kjerneområde for landbruk
M-8: Trygg skuleveg	For å sikre trygg skuleveg bør det etablerast gang-sykkelfelt mellom bustadområdet og skulen. Kan verte kostbart ved kryssing av elva.

KONSEKVENSAAR ALTERNATIV B MO				
Planlagd arealbruk	Bustad			
Areal	17 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
<p>Arealet ligg mellom kommunehuset og fotballbanen, sør for fv.346. Det er teikna ut slik at det er ein buffer mot den bratte fjellsida i sør med omsyn på skredfare. Arealet er flatt og er i dag nytta av jordbruket til grasdyrking.</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Mindre dominerande i landskapsbilete enn alternativ A. Utbygging av dette området vil harmonere på ein god måte med den eksisterande bygnaden på Mo, men endre det opphavlege inntrykket som kulturlandskap.	Middels	Lite negativt	Lite negativ (-)
Naturmiljø	Ingen viktige naturtypar registrert, heller ingen funn av raudlisteartar i området.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Arealet ligg på dyrka mark og er i prinsippet ikkje ålment tilgjengeleg unnateke vinterstid. I følgje barnetrakkregistreringa er arealet nytta både til riding, skøyting og som utgangspunkt for turar mot Ødna. Det siste vil vere mogleg å oppretthalde sjølv om område vert utbygd	Liten/ middels	Lite til mid- dels negativt	Lite/middels negativt (-/- -)
Naturressursar	17 daa fulldyrka jord vert omdisponert til byggeareal. Arealet kan være marginalt mindre gunstig enn alternativ A grunna dårlegare lokalklimatiske tilhøve.	Stor	Stort negativt	Stor negativ (- - -)
Kulturminne	Arealet er del av eit kulturmiljø knytt til primærnæringa, men ligg ikkje i opphavleg kontekst. Bruket sitt bygnadsmiljø er vanleg og det eksisterande bustadfelt på Mo bryt vesentleg med den opphavlege tunforma.	Liten	Lite negativt	Lite negativ (-)

Andre tema	
Trafikk	Arealet er gunstig plassert i forhold til eksisterande trafikksystem. Nærleiken til skule og sentrumsfunksjonar gjer gode løysingar for mjuke trafikantar mogleg utan unormalt store kostnader.
Teknisk infrastruktur	Arealet ligg gunstig til for tilkopling til kommunal teknisk infrastruktur og fiber.
Klima, energi og forureining	Arealet er vurdert som gunstig i høve klima, energi og forureining grunna nærleik til sentrum som innbyr til å nytte andre transportmiddel enn bil sjølv om privatbil framleis vil vere det viktigaste framkomstmiddelet om ein skal ut av kommunen. Det er ikkje lagt opp til strengare krav til energiforbruk eller utslepp enn det som er fastsett i lov og forskrift.
Folkehelse/barn og unge	Gangavstand til aktivitetstilboda i Mo sentrum og attraktive turområde er positivt. At desse tilboda kan nåast utan bil er særleg positivt for barn og unge. Området er i dag nytta av barn og unge til riding, skøyting og som utgangspunkt for turar. Erstatningsareal for barn og unge bør løysast i reguleringsfasen, anten innanfor reguleringsplanen eller anna eigna areal.

RISIKOVURDERING ALTERNATIV B				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Mindre sannsynleg	Kritisk	Gul	Kommunen si skredfarevurdering seier at faren for større steinsprang er mindre ved sørsida av dalen enn nordsida. Det er difor vurdert at ei mindre alvorleg hending er meir aktuell her. Likevel bør detaljert kartlegging av skredfare gjennomførast i reguleringsfasen
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje innanfor flaumsone for 1000 års flaum.
UH3: Stor skogbrann	Lite sannsynleg	Farleg	Gul	Det er vurdert at ein skogbrann i dette området må vere uvanleg omfattande for å nå dette området. Det er ikkje vurdert å vere trong for særskilte risikoreduserande tiltak.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.

MÅLOPPNÅING ALTERNATIV B	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	Med 3 busette per daa har arealet ein kapasitet på 51 busette i planperioden. Det tilseier eit folketal på ca 430 innbyggjarar. Arealet svarer bra på målsetjinga om å legge til rette for folkeauke.
M-2: Meir variert bustadtilbod	Arealet kan nyttast til bygging av fleirmannsbustadar elle tilrettelagde bustader for ulike behov
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Arealet har lite gunstige soltilhøve samanlikna med alternativ A og D
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Arealet ligg ikkje i kjerneområde for landbruk
M-8: Trygg skuleveg	Gunstig med omsyn på trygg skuleveg til ein låg kostnad.

KONSEKVENSAAR ALTERNATIV C MO

Planlagd arealbruk	Bustad
Areal	25 daa
Gjeldande arealbruk	Næringsareal/råstoffutvinning

Arealet ligg like aust for Mo skule og sør for fv.346 i eit område tidlegare nytta til masseuttak. Området har vore regulert delvis til nærings-/industriformål sidan tidleg på 1990 talet. Det ligg ein mekanisk verkstad like vest for området. Heile arealet har vore nytta til masseuttak, men drifta er avslutta i dag.



Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Arealet er prega av at det har vore nytta til masseuttak. Arealet er i dag i ferd med å gro att med krattskog.	Liten	Middels positiv	Liten positiv (+)
Naturmiljø	Ingen viktige naturtypar registrert, eldre funn av raudlistearten (VU) Kystmarikåpe i lia ovanfor. Dette er ikkje vurdert å påverke verdien på området.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	I følge barnetrakkregistreringa er arealet nytta som akebakke.	Middels	Middels negativt	middels negativt (- -)
Naturressursar	Lausmasseressursane er ferdig utnytta og drifta er avslutta. I reguleringsplanen for området står det at området skal først attende til formål jord og skogbruk (LNF).	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg/ liten negativ (0/-)
Kulturminne	Det er ikkje registrert funn i området, arealet er heller ikkje del av eit kulturmiljø	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)

Andre tema

Trafikk	Arealet er gunstig plassert i forhold til eksisterande trafikksystem. Nærleiken til skule og sentrumsfunksjonar gjer gode løysingar for mjuke trafikantar mogleg utan unormalt store kostnader.
Teknisk infrastruktur	Arealet ligg gunstig til for tilkopling til kommunal teknisk infrastruktur og fiber.
Klima, energi og forureining	Arealet er vurdert som gunstig i høve klima, energi og forureining grunna nærleik til sentrum som innbyr til å nytte andre transportmiddel enn bil sjølv om privatbil framleis vil vere det viktigaste framkomstmiddelet om ein skal ut av kommunen. Det er ikkje lagt opp til strengare krav til energiforbruk eller utslepp enn det som er fastsett i lov og forskrift.
Folkehelse/barn og unge	Gangavstand til aktivitetstilboda i Mo sentrum og attraktive turområde er positivt. At desse tilboda kan nåast utan bil er særleg positivt for barn og unge. Området er i dag nytta av barn og unge til aking. Erstatningsareal for barn og unge bør løysast i reguleringsfasen, anten innanfor reguleringsplanen eller anna eigna areal.


RISIKOVURDERING ALTERNATIV C				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreducerande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Mindre sannsynleg	Katastrofalt	Raud	Skredfarekartlegginga peiker på at det er potensiale for større skred i dette området, grunna formasjonar i lia like bak eksisterande næringsbygg. Skredfaren må kartleggast nærare i reguleringsplanen.
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje innanfor flaumsone for 1000 års flaum.
UH3: Stor skogbrann	Mindre sannsynleg	Farleg	Gul	Dette området er vurdert å ha ein noko større risiko for skade som følgje av skogbrann enn A og B, utan at den er vurdert som dramatisk på nokon måte. Ved å konsentrere bygga i området nært vegen og skulen kan ein redusere risikoen noko.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.

MÅLOPPNÅING ALTERNATIV C	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	Med 3 busette per daa har arealet ein kapasitet på 75 busette i planperioden. Det tilseier eit folketal på ca 470 innbyggjarar. Arealet svarer bra på målsetjinga om å legge til rette for folkeauke.
M-2: Meir variert bustadtilbod	Arealet kan nyttast til bygging av fleirmannsbustadar elle tilrettelagde bustader for ulike behov
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Arealet har minst gunstige soltilhøve av dei fire alternativa.
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Arealet ligg ikkje i kjerneområde for landbruk
M-8: Trygg skuleveg	Gunstig med omsyn på trygg skuleveg til ein låg kostnad.

KONSEKVENSAAR ALTERNATIV D OTTERSTAD

Planlagd arealbruk	Bustad
Areal	17 daa
Gjeldande arealbruk	Råstoffutvinning

Arealet ligg i lausmassetaket på Nordsida av brua til fv.569. Arealet er relativt bratt og heller mot sør sørvest. I reguleringsplan for Mo-Otterstad er arealet regulert til sandtak/jordbruk.



Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Arealet er prega av at det har vore nytta til masseuttak. Arealet er i dag i ferd med å gro att med krattskog.	Liten	Lite positivt	Lite positivt (+)
Naturmiljø	Det er finst bergalm nord i området. Denne arten er registrert som nær trua på raudlista. Det er grunn til å tru at arealet er gunstig med omsyn på varmekjære lauvtre	Middels verdi	Middels negativt	Middels negativ (- -)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Arealet har ingen registrerte verdier for nærmiljø eller friluftsliv. Har vore utgjengeleg så lenge det har vore drift i sandtaket	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)
Naturressursar	Lausmasseressursane er ferdig utnytta og drifta er avslutta. I reguleringsplanen for området står det at området skal førast attende til formål jord og skogbruk (LNF).	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg/ liten negativ (0/-)
Kulturminne	Arealet er utgravd	ingen	ubetydeleg	Ubetydeleg (0)

Andre tema

Trafikk	Arealet er gunstig plassert i forhold til eksisterande trafikksystem. Utfordring å sikre gode løysingar for mjuke trafikantar over elva.
Teknisk infrastruktur	Arealet ligg gunstig til for tilkopling til kommunal teknisk infrastruktur og fiber.
Klima, energi og forureining	Arealet er vurdert som gunstig i høve klima, energi og forureining grunna nærleik til sentrum som innbyr til å nytte andre transportmiddel enn bil sjølv om privatbil framleis vil vere det viktigaste framkomstmiddelet om ein skal ut av kommunen. Det er ikkje lagt opp til strengare krav til energiforbruk eller utslepp enn det som er fastsett i lov og forskrift.
Folkehelse/barn og unge	Gangavstand til aktivitetstilboda i Mo sentrum og attraktive turområde er positivt. At desse tilboda kan nåast utan bil er særleg positivt for barn og unge.

RISIKOVURDERING ALTERNATIV D				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Sannsynleg	Katastrofalt	Raud	Lia ovanfor arealet er ved fleire høve vurdert med omsyn på skredfare i samband med husbygging og vurdering av vegen til Heiane bustadområde. Det er og registrert fleire skred i dette området i nyare tid (1975 og 2007). Det er vurdert at dette arealet er mest utsett for skred av alle alternativ for bustadareal på Mo
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje innanfor flaumsone for 1000 års flaum.
UH3: Stor skogbrann	Mindre sannsynleg	Farleg	Gul	Denne er vurdert å ha same risiko som for alternativ C. Særskilte avbøtande tiltak er neppe naudsynt.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.


MÅLOPPNÅING ALTERNATIV D	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	Med 3 busette per daa har arealet ein kapasitet på 50 busette i planperioden. Det tilseier eit folketal på ca 430 innbyggjarar. Arealet svarer bra på målsetjinga å legge til rette for folkeauke.
M-2: Meir variert bustadtilbod	Arealet kan nyttast til bygging av fleirmannsbustadar eller tilrettelagde bustader for ulike behov. Arealet har meir utfordrande grunn og terrengtilhøve enn alternativa.
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Arealet har gunstige soltilhøve samanlikna med alternativ B og C men ligg mindre ope enn alternativ A
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Arealet ligg ikkje i kjerneområde for landbruk
M-8: Trygg skuleveg	For å sikre trygg skuleveg bør det etablerast gang-sykkelfelt mellom bustadområdet og Skulen. Kan verte høvesvis kostbart ved kryssing av elva.

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, BUSTADAREAL PÅ MO/OTTERSTAD

Konsekvensvurderinga syner at det er konflikthar knytt til alle fire alternative areal. Alternativ D er vurdert som ueigna grunna skredfare. For alternativ A og B er det i hovudsak konflikthar knytt til naturressursar som er hovudutfordringa. Kvar for seg er dei vurderte areala meir enn store nok til å handtere etterspurnaden etter bustader på Mo i planperioden. Alternativ A er vurdert som mest gunstig i høve lokalklimatiske tilhøve og er tilrådd saman med sentrumsstrategi B, på Otterstadsida av Moelvi.

KONSEKVENSAER ALTERNATIV A ØVRE HELLAND						
RISIKOVURDERING ALTERNATIV A ØVRE HELLAND						
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikored		
UH1 Stein- eller snøras	Lite sannsynleg	Ein viss fare	Grøn	Vurderinga av skredfare er minimal. Det er ikkje vurdert om det er behov for butikken. Det er vurdert i rapporten.	re dalside sør for skissert i den	
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje inn		
UH3: Stor skogbrann	Lite sannsynleg	Farleg	Gul	Det er vurdert at ein s	ande for å nå dette e tiltak.	
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte n	vakuering kan vere	
				aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.		
Tema	Merknad			Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Endringa inneber endring av kulturlandskap til byggeområde. Arealet går delvis inn ei eit nytt landskapsrom sør for Øvre Helland			Middels	Lite negativt	Liten negativ (-)
MÅLOPPNÅING ALTERNATIV A ØVRE HELLAND						
Aktuelle mål		Måloppnåing				
M-1: 500 innbyggjarar i 2040		Om ei føreset noko færre busette/m ² på byggeområde ved Øvre Helland enn på Mo vil arealet representere ein teoretisk busetnad på 35-40 busette. Dette er truleg monaleg meir enn etterspurnaden i planperioden om ikkje føresetnadane endrar seg.				
M-2: Meir variert bustadtilbod		Om etterspurnaden tilseier det kan arealet nyttast til fleirmannsbustader.				
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve		Arealet har høvesvis gode soltilhøve, men ikkje like bra som ved alternativ B				
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk		Arealet ligg i sin heilskap i kjerneområde for landbruk.				
M-8: Trygg skuleveg		Avstand til skule og barnehage inneber transport med privatbil eller buss.				
		er vurdert at det er eit potensial for funn av kulturminne i område (lite potensial)			negativt	(-)
Andre tema						
Trafikk		Arealet er gunstig plassert i forhold til eksisterande trafikksystem.				
Teknisk infrastruktur		Arealet ligg gunstig til for tilkopling til kommunalteknisk infrastruktur og fiber.				
Klima, energi og forureining		Arealet er vurdert som gunstig i høve klima, energi og forureining grunna nærleik til butikk og arbeidsplassar på Øvre Helland.				
Folkehelse/barn og unge		Det er gangavstand til tilbod ved Øvre Helland og området har svært gode høve for friluftsliv. Avstand til skule og fritidstilbod gjer at born og unge i praksis er avhengig av personbiltransport til Mo.				



KONSEKVENSAAR ALTERNATIV B ØVRE HELLAND				
Planlagd arealbruk	Bustad			
Areal	25 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
Området ligg i lia ovanfor garden Nåmdal. Arealet er småkupert beitemark med teikn til attgroing. Terrenget heller mot sørvest mot fylkesvegen.				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Området sine visuelle kvalitetar er typiske for regionen, men litt reduserte som følge av attgroing og spreidd utbygging av ymse slag. Utbygging av området må ha fokus på å unngå for sterkt eksponering.	Middels/ liten verdi	Lite negativt	Liten negativ (-)
Naturmiljø	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området eller funn av raudlista artar.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Barnetrakk-registreringa peiker på at område er nytta til aking, det er og prov på noko bruk som nær-turområde, utan at området står fram som særskilt viktig	Liten/Midd els	Middels negativt	Liten/middles negativ (- / - -)
Naturressursar	Delar av arealet registrert som innmarksbeite i AR5. Arealet er i attgroing.	Liten/ Middels	Lite/middles negativt	Liten/middles negativ (- / - -)
Kulturminne	Arealet ligg i tilknytning til bygnaden på Nåmdal som er eit vurdert som eit vanleg småbruk utan særskilte kulturmiljøverdiar.	Liten	Lite negativt	Liten negativ/ ubetydeleg (- / 0)

Andre tema	
Trafikk	Reguleringsplan for området krev ny eller utbetra tilførselsveg
Teknisk infrastruktur	Noko meir kostnadskrevjande enn alternativ A.
Klima, energi og forureining	Arealet ligg omtrent 500-800m frå butikk og fleire arbeidsplassar noko som inneber høve til å gå/sykle til desse.
Folkehelse/barn og unge	Det er gangavstand til tilbod ved Øvre Helland og området har svært gode høve for friluftsliv. Avstand til skule og fritidstilbod gjer at born og unge i praksis er avhengig av personbiltransport til Mo. Delar av område er nytta til aking. Areal til slik bruk på sikrast i reguleringa av området.

RISIKOVURDERING ALTERNATIV B ØVRE HELLAND				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Lite sannsynleg	Kritisk	Gul	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområdet for ras slik det ligg føre i skredfarekartlegginga frå 2012. Det ligg likevel innanfor område der ein skal syne aktsemd for snøras i følge den noko grovare kartlegginga til NGU. Skredfaren må kartleggast nærare i reguleringsplanen.
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje innanfor flaumsone for 1000 års flaum. Mindre flaum frå små bekkar i området er vurdert å ikkje utgjere signifikant risiko.
UH3: Stor skogbrann	Mindre sannsynleg	Farleg	Gul	Det er vurdert marginalt høgre risiko her enn for alternativ A. Plassering av bygg med tanke på å redusere konsekvensar av brann og andre tiltak for brannsikring bør vurderast i reguleringsplanen.
UH4 Dambrot	Ikkje aktuelt			Området ligg utanfor flaumsoneområdet for dambrot.

MÅLOPPNÅING ALTERNATIV B ØVRE HELLAND	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	Om ei føreset noko færre busette/m ² på byggeområde ved Øvre Helland vil arealet representere ein teoretisk busetnad på kring 50 busette. Dette er truleg monaleg meir enn etterspurnaden i planperioden om ikkje føresetnadane endrar seg.
M-2: Meir variert bustadtilbod	Om etterspurnaden tilseier det kan arealet nyttast til fleirmannsbustader
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Arealet har svært gode soltilhøve, men kan vere noko utsett for vind.
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Arealet ligg i sin heilskap i kjerneområde for landbruk.
M-8: Trygg skuleveg	Avstand til skule og barnehage inneber transport med privatbil eller buss

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, BUSTADAREAL PÅ ØVRE HELLAND

Konsekvensutgreiinga syner at alternativ A kjem i meir alvorleg konflikt med landbruket enn B. Det er hovudårsaka til at alternativ B er tilrådd med i planen. For å redusere konfliktar for born og unge, landbruk og landskapsbilete kan arealet optimaliserast noko.

Etter innspel i høyringsperioden er dette arealet teke ut og ført attende til LNF-område, mellom anna av omsyn til landbruket.

KONSEKVENSAAR BUSTADOMRÅDE TROHAUGEN				
Planlagd arealbruk	Bustad			
Areal	14 daa			
Gjeldande arealbruk	Råstoffutvinning			
<p>Arealet er eit utgravd massetak som ligg nord for Moelvi litt aust for brua. Avstanden til Mo sentrum er om lag 1200m Terrenget er forma som ei gryte med restar av morenemassar.</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Landskapet ber preg av at massetaket er i ferd med å gro att. Arealet er omgitt av bratte åssider. Bustadbygging med gode estetiske kvalitetar og respekt for omgjevnadane kan gje positive konsekvensar for landskapsbilete	liten verdi	Lite positivt	Ubetydeleg/Lit en positiv (0/+)
Naturmiljø	Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller raudlisteartar i området.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Vegen langs elva og oppover i lia mot nord er mykje nytta for riding, jogging og anna friluftsliv. Det er ein føresetnad at desse ferdsleårane for friluftslive vert teken vare på. I dag er arealet nytta til motorsport noko som ikkje lar seg foreine med bustader. Dette kjem ikkje fram som negativ konsekvens ettersom motorsport i handbok 140 ikkje er definert som friluftslivsaktivitetar.	Middels	Ingen	Ubetydeleg (0)
Naturressursar	Uttak av massar er opphørt. Det ligg restar av masse igjen, men dette er ikkje drivverdig	liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Kulturminne	Området er eit lausmasseområde som er gravd ut.	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)

Andre tema	
Trafikk	Reguleringsplan for området krev ny eller utbetra tilførselsveg
Teknisk infrastruktur	Noko høgare kostnader grunna avstand frå eksisterande anlegg men neppe dramatisk.
Klima, energi og forureining	Sjølv om arealet ligg lenger unna sentrum enn det som er definert som gang/sykkelavstand er det gode høve til dette ettersom terrenget er flatt. Det er kort avstand til skulen. Det er ingen særskilte utfordringar knytt til klima energi og forureining.
Folkehelse/barn og unge	Gangavstand til skule og Bryggeslottet saman med det generelt gode tilbode til friluftsliv gjer at området har gode kvalitetar. Arealet må byggast ut med omsyn på å ivareta gangforbindelse langs elva og oppover i lia.

RISIKOVURDERING TROHAUGEN				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Sannsynleg	Kritisk	Gul	Skredfarekartlegging må gjennomførast før området kan regulerast. Bygga bør konsentrerast i sør vestlege del av arealet
UH2: Flaum	Lite sannsynleg	Ein viss fare	Grøn	Området ligg i randsonen til 1000års flaum. Vil sannsynlegvis ikkje verte råka av 200års flaum.
UH3: Stor skogbrann	Mindre sannsynleg	Farleg	Gul	Utforming av grøntstruktur omkring bustadane som ein buffersone kan vere eit effektivt risikoreduserande tiltak.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.

MÅLOPPNÅING TROHAUGEN BUSTAD	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	Arealet er stort nok til å handtere etterspurnaden i planperioden og lenger
M-2: Meir variert bustadtilbod	Arealet kan vere eigna til fleirmannsbustader/rekkehus om det er etterpurnad
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Området ligg høveleg solrikt til og er skjerma for vind
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Arealet ligg ikkje i kjerneområde for landbruk.
M-8: Trygg skuleveg	Reguleringsplanen bør avklare behov for fortau eller gang- sykkelveg til skulen

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, BUSTADAREAL TROHAUGEN

Arealet er i utgangspunktet godt eigna til bustadbygging, men det krev ein del arrondering av terrenget for å unngå problem med lausmassane som er igjen og for å skape gode kvalitetar for bustader. Det er potensiale for skredhendingar her og det må gjennomførast ein detaljert kartlegging av skredfare før reguleringsplan kan godkjennast. Det er og viktig å sikre god vegtilkomst med fokus på trygg skuleveg i detaljplanlegginga av området.

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, FRITIDS- OG TURISTFORMÅL TROHAUGEN

I høyringa av planen kom det fram eit ønskje frå fleire hald om å etablere campingplass i nærleiken av Mo sentrum. Det vart vurdert at ein kunne endre byggeformålet ved Trohaugen til *Fritids- og turistformål* for å legge til rette for ei slik utvikling.

Konsekvensane er vurdert som like for dette området uavhengig av om det vert etablert campingplass eller bustadområde. Unntaket er trafikk, der det er vurdert at ein campingplass genererer meir trafikk i sesongen enn eit bustadområde, medan eit bustadområde inneber jamnare trafikkmengde utover heile året. Ein campingplass kan vere eit positivt tiltak for born og unge i bygda om han vert utforma på ein god måte, noko føresegnene og retningslinene for området legg opp til.

MÅLOPPNÅING TROHAUGEN FRITIDS- OG TURISTFORMÅL (CAMPINGPLASS)

Aktuelle mål	Måloppnåing
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Området ligg høveleg solrikt til og er skjerma for vind
M-5: Utvikling av Mo sentrum som regional møtestad.	Ein attraktiv campingplass kan bidra til fleire besøkande frå regionen.
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Arealet ligg ikkje i kjerneområde for landbruk.

KONSEKVENSAAR SPREIDD BUSTADBYGGING HUGNADSTAD				
Planlagd arealbruk	LNF-spreidd			
Areal	42 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
<p>Arealet er del av ei flat elveslette som har vore nytta til massetak. I dag er den sørlege delen dyrka opp til fulldyrka jord, medan den nordlege delen inneheld eit gardsbruk og eit par bustader. Delar av arealet ber preg av lausmasseutvinning.</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Området er dels kulturlandskap og dels massetak i eit trangt dalføre. Nokre få nye bustader i dette området vil ha liten verknad på landskapet sitt inntrykk.	Middels	Ingen/lite negativt	Ubetydeleg/Lit en negativ (0/-)
Naturmiljø	Fleire funn av raudlista planteartar i området. Registreringane er frå 1979-1985 så det er uklart i kva grad desse artane framleis finst i området. Førre var prinsippet gjeld.	Stor	Middels negativt	Middels/stor negativ (-/- - -)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Spreidd bygnad/dyrka mark som i liten grad er nytta til friluftslivsaktivitetar.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Naturressursar	Omkring halvparten av arealet er fulldyrka jord. Store delar av det som står att er masstak i drift.	Middels/ stor	Middel/stort negativt	Middel/stort negativ (-/- - -)
Kulturminne	Ingen automatisk freda kulturminne i området. Med atterhald at det ikkje har vore sandtak ved søre del av arealet, har området noko potensial for funn av kulturminne ved flateavdekking. Heilt nord og heilt sør i området er det to gardstun med bygningsmasse datert kring 1900. Desse miljøa er vurdert å ha kulturhistorisk verdi.	Liten	Middels negativt	Lite negativt (-)

Andre tema	
Trafikk	Nye bustader i området bør eventuelt lokaliserast slik at ein ikkje byggjer fleire avkjørsler mot fylkesvegen. Fylkesvegen er her oversiktleg med låg trafikk.
Teknisk infrastruktur	Bustadar i området kan kople seg på det kommunale Hugnadstad vassverk, kapasiteten er ukjend.
Klima, energi og forureining	Avstand til servicetilbod, skule og barnehage indikerer at det er naudsynt med transport basert på personbil/skulebuss noko som er negativt med omsyn på utslepp av klimagassar. Det er uansett snakk om ubetydeleg skilnad i høve til andre område i kommunen ettersom dei fleste uansett er avhengig av personbiltransport i det daglege.
Folkehelse/barn og unge	Det er høvesvis kort veg til fritidstilboda i Bryggeslottet og elles i Mo sentrum. Vidare er det gode høve for friluftsliv i nærleiken.

RISIKOVURDERING SPREIDD BUSTADBYGGING HUGNADSTAD				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Sannsynleg	Kritisk	Gul	Området er ikkje omfatta av skredfarekartlegginga frå 2012. Omkring halvparten av arealet er innanfor aktsemdsområdet for steinsprang. Skredfarevurdering må gjennomførast i eventuelle byggesøknader
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Arealet ligg kring 8-10m høgare enn elvenivået. Det er heller ingen sideelver eller bekkar som utgjer nokon flaumfare i området. Ikkje aktuelt
UH3: Stor skogbrann	Lite sannsynleg	Farleg	Gul	Det er vurdert at ein skogbrann i dette området må vere uvanleg omfattande for å nå dette området. Det er ikkje vurdert å vere trong for særskilte risikoreduserande tiltak.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.

MÅLOPPNÅING SPREIDD BUSTADBYGGING HUGNADSTAD	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	LNF-spreidd arealet vil ha kvoter på tal einingar om det vert med i planen. Vil ha liten verknad på det totale bustadtilbodet.
M-2: Meir variert bustadtilbod	Arealet er hovudsakleg eigna til einebustader.
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Området ligg høveleg solrikt til og er skjerma for vind.
M-6: Ikkje bygging i kjerneområde landbruk	Sørlege del av arealet ligg i kjerneområde for landbruk
M-8: Trygg skuleveg	Elevar i området må nytte skuleskyss

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, SPREIDD BUSTADBYGGING HUGNADSTAD
<p>Bustadbygging i området vert frårådd. Søre delen er fulldyrka landbruksjord og resten er anten etablert som bustadtomt eller er nytta som massetak. Det er vurdert at området er betre eigna til landbruk etter at utvinninga av masser er ferdig. Med tida kan dette arealet unnateke bustadtomtene verte ein del av eit større samanhengande areal med dyrka mark saman med arealet vest for vegen mot elva. Konsekvensane for natur- og kulturmiljø spelar og inn i den heilskaplege vurderinga.</p>


KONSEKVENSAAR NYTT SENTRUMSOMRÅDE OTTERSTAD (ALTERNATIV B)				
Planlagd arealbruk	Sentrumsområde			
Areal	17,5 daa			
Gjeldande arealbruk	Friområde/LNF/Bustad			
Området strekk seg frå Kvernhusbekken sitt utlaup til hengebrua og er avgrensa av fv569. Arealet er i hovudsak nytta som friområde og grasdyrking. Det er ein bustad og eit verneverdig naustmiljø i området i tillegg til eit gammalt industribygg som i dag tilsynelatande ikkje er i bruk.				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Området prega av grøntstruktur og landbruk har gode landskapskvalitetar, medan moloen, småbåthamna og det gamle industrianlegget i vest har mindre verdi. Med klare føresegnar for utforming av området kan inntrykket betrast noko.	middels	Lite positivt	Liten positiv (+)
Naturmiljø	Ingen registrerte viktige naturtypar eller funn av raudlisteartar i området.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Arealet er mykje nytta for nærmiljøet som park og rekreasjonsområde. Gode høve for fiske og bading. Desse verdiane må sikrast i føresegnene.	Stor	Middels negativt	Middels negativ (- -)
Naturressursar	Kring 1/3 av arealet er fulldyrka jord til grasproduksjon.	Middels/lit en	Stort negativt	Middels negativ (- -)
Kulturminne	Naustmiljøet er eit viktig kulturmiljø i kommunen, men eit moderne bustadhus kloss inntil nausta og industriarealet i vest reduserar verdien noko. Nausta er regulert som spesialområde vern.	Middels	Lite negativt	Lite/middels negativ (-/- -)

Andre tema	
Trafikk	Før område kan realiserast som sentrumsområde må omelgging/ending av vegsystemet løysast i reguleringsplanfasen.
Teknisk infrastruktur	Området ligg i nærleiken av eksisterande bygnad på Mo og etablering av teknisk infrastruktur bør vere mogleg å gjennomføre med moderate kostnader. Kapasitetsvurderingar for drikkevatt og avlaup må gjerast og sikrast i neste fase.
Klima, energi og forureining	Styrking av sentrumsområdet på Mo med auka innslag av bustader kan bidra til gunstige klimavenlege transport-løysingar.
Folkehelse/barn og unge	Så lenge ein føreset at tilgjenge til strandsonen og grøntstruktur med høg kvalitet vert ivaretatt i utforminga av dette området ligg det godt til rette for aktivitetar som fremjar god folkehelse. I dag er arealet i stor grad nytta av born og unge til friluftaktivitetar. Både i parken og i strandsona. Dette er verdiar som kan og må sikrast ved ein eventuell utbygging

RISIKOVURDERING NYTT SENTRUMSOMRÅDE OTTERSTAD (ALTERNATIV B)				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Lite sannsynleg	Kritisk	Gul	Området ligg ikkje i aktsemdområdet for ras slik det foreligg i skredfarer rapporten frå 2012, men skredhending som rammar området kan likevel skje innanfor aktseptkriteria sine tidsrom. Skredfare må vurderast i ein eventuell reguleringsfase.
UH2: Flaum	Mindre sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området kan verte råka av 1000års flaum. Manglande datagrunnlag for 200års flaum. Det bør utarbeidast flaumvurderingar i samband med ROS-analyse for reguleringsplanen.
UH3: Stor skogbrann	Lite sannsynleg	Farleg	Gul	Det er vurdert at ein skogbrann i dette området må vere uvanleg omfattande for å nå dette området. Det er ikkje vurdert å vere trong for særskilte risikoreduserande tiltak.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.


MÅLOPPNÅING NYTT SENTRUMSOMRÅDE OTTERSTAD (ALTERNATIV B)	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-1: 500 innbyggjarar i 2040	Sentrumsformålet opnar for bustader. Arealet er vurdert som stort nok til å kunne dekkje etterspurnaden etter sentrumsnære leilegheiter.
M-2: Meir variert bustadtilbod	Ved å opne for etablering av leilegheiter vil det bidra til eit meir variert bustadtilbod
M-3: Eigna lokalklimatiske tilhøve	Arealet har betre soltilhøve enn dagens sentrum, og er godt skjerma for vind.
M-4: Etablere regional møtestad.	Arealet er godt eigna til lokalisering av nærings- og tenestesenter, ligg gunstig til i høve til ferdslåårene både mot Masfjorden/Lindås og Vaksdal. Med gode rammevilkår og kvalitet i utforminga har sentrumsområdet absolutt potensiale for å verte ein regional møtestad på same måte som Bryggjeslottet er det i dag.
M-6. Ikkje bygge i kjerneområde for landbruk	Området ligg ikkje innanfor kjerneområdet
M-9. Unngå auka privatisering i strandsona	Reguleringsplanen må sikre god allmenn tilgjenge til strandsona. Opning for bustader i dette området som ledd i sentrumsutviklinga vil likevel kunne bidra til auka privatisering.

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, NYTT SENTRUMSOMRÅDE OTTERSTAD (ALTERNATIV B)
<p>Arealet som er omfatta av sentrumsstrategi 2 er eit godt utgangspunkt for å etablere eit velfungerande sentrumsområde med gode kvalitetar. Det bør stillast krav til erstatningsareal for dyrka mark og detaljutgreiingar kring ras og flaum. Det bør vidare settast krav om utarbeiding av felles områderegeringsplan både for bustadområde A og sentrumsområde B. For å sikre best mogleg fleksibilitet i arbeidet med områderegeringsplanen kan heile arealet markerast med kombinert byggeområde som formål.</p>

KONSEKVENSAAR LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED MOSTRAUMEN. INNSPEL I - 1				
Planlagd arealbruk	LNF-spreidd fritidsbustad			
Areal	60 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
<p>Området utgjer eit lite nes, Nakken, og noko meir areal i bakkant opp imot ei bratt li mot søraust. Arealet er omkring halvt om halvt dekkja av skog og overflatedyrka jord. Det ligg ei hytte i området. (Denne står til forfall i følgje innspelet.) Det er ønskje om å oppføre fire hytter i området</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Landskapet kring Mostraumen har særlege verdiar både som natur- og kulturlandskap. Det er vurdert som uheldig å punktere eit urørt område her med nye hytter.	Stor	Middels negativt	Middels negativt (- -)
Naturmiljø	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området, sjøområdet er lokalt viktig beiteområde for Kvinand.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Området er berre tilgjengelig med båt, og har gode kvalitetar for båtbasert friluftsliv i kraft av å vere urørt strandsone. Mostraumen er ein populært utfartsstad for småbåtturistar.	Liten/middels	Lite negativt	Lite/middels negativ (-/- -)
Naturressursar	Areala med overflatedyrka jord er små og ikkje avgjerande viktig for ressursgrunnlaget. Føresegnene for området må sikre at det ikkje vert bygt på dyrka mark	Liten	lite negativt	Liten negativ (-)
Kulturminne	Hytta i området er i SEFRAK registeret registrert som ei uteløe frå tida mellom 1900 og 1924. Denne kan ikkje lenger seiast å vere del av eit naturmiljø, særleg om den har vorte bygt om og nytta som hytte i mange år. Potensialet for funn av kulturminne er vurdert som lite.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)

Andre tema	
Trafikk	Arealet er ikkje knytt til vegnettet og ein er avhengig av båt for tilkomst. Dette kan skje frå parkeringsplassen og båthamna ved Mostraumen, og er vurdert som uproblematisk om det er snakk om eit fåtal hytter.
Teknisk infrastruktur	Ein må her basere seg på lokale private løysingar for teknisk infrastruktur sidan det ikkje finst offentlege anlegg i området
Klima, energi og forureining	Ikkje relevant
Folkehelse/barn og unge	Om ein kan seie at det å eige hytte innbyr til meir friluftsliv for dei som har anledning til å nytte desse vil tiltaket vere positivt med omsyn til folkehelse for dei det gjeld.

RISIKOVURDERING LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED MOSTRAUMEN. INNSPEL I - 1				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Mykje sannsynleg	Farleg	Gul	Konsekvensen av eit ras her er vurdert som høveleg liten ettersom hytter oftare står tomme enn bustader. Ras skjer og gjerne i periodar med dårleg ver noko som ytterlegare reduserer sannsynet for at hytta er i bruk.
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje i nærleiken av vassdrag som er utsett for flaum.
UH3: Stor skogbrann	Sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området er omkransa av skog så sannsynet for skogbrann er relativt stort. Konsekvensen av ei slik hending for eit fåtal hytter er vurdert som så liten at særskilte risikoreduserande tiltak ikkje er tenleg.
UH4 Dambrot	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje ved regulert vassdrag.
MÅLOPPNÅING LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED MOSTRAUMEN. INNSPEL I - 1				
Aktuelle mål		Måloppnåing		
M-6. Ikkje bygge i kjerneområde for landbruk		Området ligg ikkje i kjerneområde for landbruk		
M-9. Unngå auka privatisering i strandsona		Endringa inneber privatisering av urørt del av strandsona		


KONSEKVENSAAR LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED MOSTRAUMEN. ALTERNATIVT AREAL				
Planlagd arealbruk	LNF-spreidd fritidsbustad			
Areal	56 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
<p>Arealet ligg på eit rundt nes sørvest i Mostraumsvikja kalla Mostraumshaugen. Det ligg nokre spreidde hytter i området og eit småbruk. Tiltaket som er vurdert inneber fire nye hytter med rimeleg enkel standard.</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Landskapet kring Mostraumen har særlege verdiar både som natur- og kulturlandskap. I dette området er det spreidde hytter frå før og det ber preg av menneskeleg aktivitet og privatisering.	Middels	Lite negativt	Liten negativ (-)
Naturmiljø	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området, sjøområdet er lokalt viktig beiteområde for Kvinand, medan arealet på land er del av eit dtørre beiteområde for hjort	Liten	Ingen/ liten negativ	Ubetydeleg/liten negativ (0/-)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Området er berre tilgjengelig med båt, og strandsona og området innanfor ber preg av noko privatisering.	Liten	Ingen/ liten negativ	Ubetydeleg/liten negativ (0/-)
Naturressursar	Arealet med overflatedyrka jord er små og ikkje avgjerande viktig for ressursgrunnlaget. Føresegnene for området må sikre at det ikkje vert bygt på dyrka mark	Liten	lite negativt	Liten negativ (-)
Kulturminne	Gardsbruket sentralt i området inneheld 5 SEFRAK registrerte bygg, mellom anna to driftsbygningar frå 1700 talet. Dette utgjer eit naturmiljø med delvis i opphavleg kontekst	Liten Middels	Middels negativt	Liten/middels negativ (-/- -)

Andre tema	
Trafikk	Arealet er ikkje knytt til vegnettet og ein er avhengig av båt for tilkomst. Dette kan skje frå parkeringsplassen og båthamna ved Mostraumen, og er vurdert som uproblematisk om det er snakk om eit fåtal hytter.
Teknisk infrastruktur	Ein må her basere seg på lokale private løysingar for teknisk infrastruktur sidan det ikkje finst offentlege anlegg i området
Klima, energi og forureining	Ikkje relevant
Folkehelse/barn og unge	Om ein kan seie at det å eige hytte innbyr til meir friluftsliv for dei som har anledning til å nytte desse vil tiltaket vere positivt med omsyn til folkehelse for dei det gjeld.

RISIKOVURDERING LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED MOSTRAUMEN. ALTERNATIVT AREAL				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Sannsynleg	Farleg	Gul	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for steinskred, men delvis innanfor område for snøskred. Det bør gjennomførast ein vurdering av skredfare i samband med søknad om byggeløyve.
UH2 Flaum	Mindre sannsynleg	Ein viss fare	Grøn	Det er vurdert ut frå topografien at risikoen for at flaum i bekken som renn aust for området er liten.
UH3: Stor skogbrann	Sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området er omkransa av skog så sannsynet for skogbrann er relativt stort. Konsekvensen av ei slik hending for eit fåtal hytter er vurdert som så liten at særskilte risikoreduserande tiltak ikkje er tenleg.
UH4 Dambrot	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje ved regulert vassdrag.
MÅLOPPNÅING LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED MOSTRAUMEN. ALTERNATIVT AREAL				
Aktuelle mål		Måloppnåing		
M-6. Ikkje bygge i kjerneområde for landbruk		Området ligg ikkje i kjerneområde for landbruk		
M-9. Unngå auka privatisering i strandsona		Det er i dag fleire privatiserande element i strandsona. Arealet er og trekt opp frå sjøkanten slik at ein ikkje opnar for bygging av nye hytter nærare strandsona enn dagens bygg.		

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED MOSTRAUMEN.


Vurderinga ovanfor syner at om ein skal opne for nokre einskilde hytter ved Mostraumsvikja bør desse byggast i tilknytning til den eksisterande bygnaden ved Mostraumshaugen. Dette skuldast både at det er vurdert som uheldig å etablere hytter i ein urørd strandsone og at området I-1 er vurdert som vesentleg meir utsett for ras enn det alternative arealet. Arealet bør tilpassast slik at ein unngår nybygg kloss inntil gardstunet. Føresegnene må sikre god landskapstilpassing.

KONSEKVENSAAR LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED EIKHAUGANE (INNSPEL I-4)				
Planlagd arealbruk	LNF-spreidd fritidsbustad			
Areal	10 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
<p>Området ligg på ei flate med relativt nyleg hogd skog i bakkant av ei grasmark som ligg ved Moelvi. I bakkant av området stig terrenget mot nordvest. Innspelet gjeld bygging av to hytter. Det er ingen bygg i området i dag. Atkomst til området er via brua som kryssar Moelvi aust for området.</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Området ber preg av kultur og naturlandskap med få inngrep. Elles ingen tilhøve med landskapet som tilseier særskilt høg verdi.	Middels	Lite negativt	Liten/middels negativ (-/- -)
Naturmiljø	Naturtypane rik edellauvskog (lokalt viktig) og bekkekløft (svært viktig) er registrert i eller inntil området. I tillegg er delar av området innanfor leveområde for Kvitryggspett (Svært viktig). Det er nyleg (2009) gjort funn av sterkt trua og nær trua raudlisteartar (Huldrestry og Alm) like i nærleiken av området.	Stor	Middels negativt	Middels/stor negativ (- -/- - -)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Det er ingen registreringar som tyder på at området er særleg nytta til aktivitetar knytt til friluftsliv. Det er føresett at tiltaket ikkje har verknad på tilgjenge til elva eller skogsvegen/stien som går langsetter elva.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Naturressursar	Arealet er registrert som skog med høg bonitet. Det er likevel så lite i utstrekning at det ikkje er vurdert som særskilt viktig	Liten/ middels	Middels negativt	Liten/middels negativ (-/- -)
Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne i området, arealet har og lite potensiale for nye funn.	liten	Ingen	Ubetydeleg (0)

Andre tema	
Trafikk	Vegtilkomst frå fv345 er over brua som kryssar Moelvi like aust for området. Her kan også parkering løysast.
Teknisk infrastruktur	Ein må her basere seg på lokale private løysingar for teknisk infrastruktur sidan det ikkje finst offentlege anlegg i området
Klima, energi og forureining	Ikkje relevant
Folkehelse/barn og unge	Ikkje relevant

RISIKOVURDERING LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED EIKHAUGANE (INNSPEL I-4)				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Sannsynleg	Farleg	Gul	Området ligg i sin heilskap innanfor aktsemdområdet for steinsprang. Meir detaljert analyse av skredfaren må gjennomførast før søknad kan godkjennast.
UH2 Flaum	Mindre sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området kan verte råka av 1000års flaum. Manglande datagrunnlag for 200års flaum. Det bør utarbeidast flaumvurderingar i samband med ROS-analyse for reguleringsplanen.
UH3: Stor skogbrann	Sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området er omkransa av skog så sannsynet for skogbrann er relativt stort. Konsekvensen av ei slik hending for eit fåtal hytter er vurdert som så liten at særskilte risikoreduserande tiltak ikkje er tenleg.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.
MÅLOPPNÅING, LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED EIKHAUGANE (INNSPEL I-4)				
Aktuelle mål		Måloppnåing		
M-6. Ikkje bygge i kjerneområde for landbruk		Området ligg i sin heilskap i kjerneområde for landbruk		

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED EIKHAUGANE (INNSPEL I-4)
Negative konsekvensar særleg for naturmiljø, men også landskap samt rasfare, gjer at arealet ikkje vert tilrådd med i planen.

KONSEKVENSAAR LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED ALMELID (INNSPEL I-5)				
Planlagd arealbruk	LNF-spreidd fritidsbustad			
Areal	26 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
<p>Arealet ligg i den skogkledd lia bakom gardstunet på Almelid. Ein traktorveg snor seg oppetter lia og landskapet er forma som eit trau som heller nedover mot vest-sørvest.</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Området ber preg av kultur og naturlandskap med eit monaleg stort gardstun med kulturlandskap omkring. Området er lett å lese frå elva via kulturlandskapet til skogen i bakkant. Landskapsrommet er tydeleg avgrensa gjennom trau-forma.	Middels	Lite negativt	Liten/middles negativ (-/- -)
Naturmiljø	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området, heller ikkje funn av raudlista arter.	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg/liten negativ (0/ -)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Det er vurdert at området i hovudsak har verdi som nærturterreng for bebuarane ved Almelid og omkring. Skogsvegen som går gjennom området er ikkje nytta som innfallsport til større friluftslivsområde..	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Naturressursar	Arealet har skog med høg bonitetmedhøvesvis gode tilhøve for drift, det er og innanfor kommunen sit kjerneområde for landbruk (skogbruk)	Stor	Middels negativt	middels negativ (- -)
Kulturminne	Det er ikkje registrert kulturminne i området, arealet har og lite potensiale for nye funn.	liten	Ingen	Ubetydeleg (0)

Andre tema


Trafikk	Vegtilkomst til området vil vere vegen til Almelid gard. Avkøyringa ved fylkesvegen er uoversiktleg og bør utbetrast om ein skal opne for auka trafikk.
Teknisk infrastruktur	Ein må her basere seg på lokale private løysingar for teknisk infrastruktur sidan det ikkje finst offentlege anlegg i området
Klima, energi og forureining	Ikkje relevant
Folkehelse/barn og unge	Ikkje relevant

RISIKOVURDERING LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED ALMELID (INNSPEL I-5)				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Sannsynleg	Farleg	Gul	Området ligg i sin heilskap innanfor aktsemdområdet for steinsprang. Like ovanfor arealet er det rasmateriale, vegetasjonen tilseier at det ikkje har gått skred her heilt nyleg. Detaljert vurdering av skredfaren må gjennomførast før området kan takast i bruk til fritidsbustader.
UH2 Flaum	Ikkje aktuelt			Området ligg ikkje i nærleiken av vassdrag som er utsett for flaum.
UH3: Stor skogbrann	Sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området er omkransa av skog så sannsynet for skogbrann er relativt stort. Konsekvensen av ei slik hending for eit fåtal hytter er vurdert som så liten at særskilte risikoreduserande tiltak ikkje er tenleg.
UH4 Dambrot	Ikkje aktuelt			Området ligg utanfor flaumsoneområdet for dambrot.

MÅLOPPNÅING, LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED ALMELID (INNSPEL I-5)	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-8. Ikkje bygge i kjerneområde for landbruk	Området ligg i sin heilskap i kjerneområde for landbruk (skogbruk)

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, LNF-SPREIDD FRITIDSBUSTAD VED ALMELID (INNSPEL I-5)

Rasfaren i området gjer at ein her ikkje kan tilrå at planen skal opne for hyttebygging. I tillegg er det vurdert at tiltaket vil ha negative konsekvensar for naturressursar og landskapsbilete. Det er og ei utfordring knytt til vegtilførsel.

KONSEKVENSAAR NAUSTOMRÅDE NOTTVEIT (INNSPEL I-2)				
Planlagd arealbruk	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone			
Areal	1,3 + 2,6 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
<p>Endringa gjeld to areal som i dag på litt ulikt vis ber preg av å vere naustområde. Område B er tidlegare kai for fjordbåten og er eit gammalt naustmiljø med fleire tradisjonelle naust. Område A er av meir privat karakter og inneheld to meir moderne naust, det eine i tilknytning til ei hytte i bakkant. Ein legg til grunn at det ikkje vert opna for meir enn to nye naust i kvart område, og at desse vert utforma i tråd med klare retningsliner for naustbygging</p>				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Nottveit utgjer eit nes med kulturlandskap, gards- og hyttebygning i eit elles bratt skogkledd landskap med få inngrep.	Middels	Lite negativt	Liten negativ (-)
Naturmiljø	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området, heller ikkje funn av raudlista arter.	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Område B har kvalitetar som friluftsområde primært frå sjøen. A er meir privatisert og vanskeleg tilgjengeleg. Bygging av einsskilde naust som i minst mogleg grad skal bidra til privatisering av strandsona vil ikkje ha store konsekvensar.	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Naturressursar	Ikkje relevant	Ingen	Unkje	Ubetydeleg (0)
Kulturminne	Nausta i begge område er registrert i SEFRAK. Område B er vurdert som eit meir helskapleg og opphavleg kulturmiljø enn område A. Eventuelle nyare naust i desse område må ta omsyn til eksisterande bygning.	Middels/ stor	Lite negativt	Liten/middels negativ (-/-)

Andre tema	
Trafikk	Områda har høvesvis god vegtilkomst med høve til parkering ved fv569. Ein kan ikkje legge opp til vegtilkomst heilt fram til nausta
Teknisk infrastruktur	Naust har ikkje trong for teknisk infrastruktur utover straum som er tilgjengeleg.
Klima, energi og forureining	Ikkje relevant
Folkehelse/barn og unge	Ikkje relevant


RISIKOVURDERING NAUSTOMRÅDE NOTTVEIT (INNSPEL I-2)				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Mindre Sannsynleg	Ein viss fare	Grøn	Områda ligg heilt (A) eller delvis (B) innanfor aktsemdsområdet for steinsprang. Likevel er det vurdert å ha akseptabel risiko. Delvis fordi naustområde er mindre sårbare for ras enn bustad/fritidsbustader og delvis fordi sannsynet er vurdert som relativt lite for at eit steinsprang skal nå heilt ut til sjøen her mellom anna grunna vegen og andre tiltak ovanfor.
UH2 Flaum	Svært sannsynleg	Ufarleg	Grøn	Område A ligg like ved utløpet av Nottveitelvi. Begge område kan verte utsett for auka havnivå, men naustbygning skal i utgangspunktet byggast slik at ei overfløyming ikkje skal ha store konsekvensar.
UH3: Stor skogbrann	Sannsynleg	Ufarleg	Grøn	Området er omkransa av skog så sannsynet for skogbrann er relativt stort. Konsekvensen av ei slik hending for naust er vurdert som marginal
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Ein viss fare	Grøn	Vurderinga gjeld risiko ved dambrot i Nottveitelvi.

MÅLOPPNÅING, NAUSTOMRÅDE NOTTVEIT (INNSPEL I-2)	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-9. Unngå auka privatisering i strandsona	Om ein opnar for eit fåtal nye naust, med klare føresegner og retningslinjer for utforming vil områda i liten grad vere i strid med dette målet.

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, NAUSTOMRÅDE NOTTVEIT (INNSPEL I-2)

Innspelet gjeld berre område B, men det er vurdert at ein bør sjå desse områda i samanheng. Innspelet gjeld og i hovudsak høve til å restaurere og bygge opp att naust som heilt eller delvis er forfalle. Område B er vurdert som verdifullt som kulturmiljø og om det ikkje hadde vore moderne element (naust og betongkai) i miljøet hadde det vore tilrådd å la område stå urørt.

Med føresegner for utforming som gjer at ein unngår urimeleg privatisering og tek i vare og byggar opp kring eksisterande bygnad kan begge desse områda leggest inn i planen. Det vert tilrådd at ein opnar for 3 nye naust i område A og 2 nye naust i område B i planperioden. Lokaliseringa av nausta bør styrast gjennom bruk av føresegsområder.

KONSEKVEN SAR LNF-SPREIDD NÆRING PÅ MO (GARDSTURISME)				
Planlagd arealbruk	LNF-spreidd næring			
Areal	26 daa			
Gjeldande arealbruk	LNF			
Endringa er eit innspel frå Modalen kommune på vegne av gardbrukar som ønskjer å satse på gardsturisme med høve for overnatting og opplevingar. Gardsbruket ligg midt i bustadfeltet på Mo.				
Tema	Merknad	Verdi	Omfang	Konsekvens
Landskap	Landskapet er prega av busetnaden på Mo, kulturlandskapet omkring og vatn. Dette er ramma inn av bratte dalsider som gjer at landskapsrommet er ganske trangt.	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Naturmiljø	Arealet er eit opparbeidd gardstun. Temaet er ikkje relevant	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)
Nærmiljø/ Friluftsliv	Det er ikkje vurdert at endring i arealformål har verknad for nærmiljø og friluftsliv	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)
Naturressursar	Arealet avgrensar seg til sjølve gardstunet.	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)
Kulturminne	Våningshuset og driftsbygningen på tunet er registrert i SEFRAK registeret, men kan ikkje seiast å utgjere noko særskilt verdifullt kulturmiljø grunna all den moderne bustadbyggnaden omkring. Området har potensial for funn av kulturminne.	Liten	Lite negativt	Ubetydeleg/lit en negativ (0)

Andre tema	
Trafikk	God vegdekning som utan problem kan handtere småskala turisme og overnatting
Teknisk infrastruktur	Godt utbygt infrastruktur
Klima, energi og forureining	Ingen særlege konsekvensar
Folkehelse/barn og unge	Om endringa bidreg til at garden i større grad kan nyttast i arbeidet med å aktivisere tilreisande og barn og unge i regionen vil endringa kunne bidra positivt til fremje av folkehelse.

RISIKOVURDERING LNF-SPREIDD NÆRING PÅ MO (GARDSTURISME)				
Uønskt hending (UH)	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/risikoreduserande tiltak
UH1 Stein- eller snøras	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	Arealet ligg utanfor omsynssonen for skred og er difor ikkje vurdert som sårbart.
UH2 Flaum	Mindre sannsynleg	Ein viss fare	Gul	Området kan verte råka av 1000års flaum. Manglande datagrunnlag for 200års flaum. Det bør utarbeidast flaumvurderingar i samband med ROS-analyse for reguleringsplanen.
UH3: Stor skogbrann	Lite sannsynleg	Farleg	Gul	Det er vurdert at ein skogbrann i dette området må vere uvanleg omfattande for å nå dette området. Det er ikkje vurdert å vere trong for særskilte risikoreduserande tiltak.
UH4 Dambrot	Lite sannsynleg	Katastrofalt	Gul	Området kan verte råka av dambrot. Gode rutinar for varsling og evakuering kan vere aktuelle. Sannsynet for hendinga er minimal.

MÅLOPPNÅING, LNF-SPREIDD NÆRING PÅ MO (GARDSTURISME)	
Aktuelle mål	Måloppnåing
M-4.Sentrum som regional møttestad	Sjølv om ikkje dette tiltaket er direkte sentrumsretta, vil det kunne bidra til å auke tilbodet i sentrum både for innbyggjarar og tilreisande
M-5 Satse på landbruksbasert turisme	Ved å legge til rette for overnatting og anna mindre næringsverksemd på gardar som ønskjer å satse på dette vil planen bidra til at gardbrukarar i Modalen kan satse på alternative næringsveggar.

OPPSUMMERING OG TILRÅDING, LNF-SPREIDD NÆRING PÅ MO (GARDSTURISME)




































Det er berre denne eine garden som har gjeve innspel til planarbeidet via landbrukssjefen i kommunen. Intensjonen er at fleire gardbrukarar som ønskjer det kan få delar av sin eigedom endra på same vis om konsekvensane er vurdert som akseptable.

5. PRESENTASJON AV NY AREALBRUK

INNLEIING

Konsekvensutgreiinga har vurdert alle nye areal for bygging som er spelt inn til planen. Dette kapittelet skal presentere korleis endringane er implementert i plankartet. Kapittelet skal og presentere omsynssoner som er lagt inn i kartet.

Kvart av dei ulike områda av kommunen som vert presentert her vil verte illustrert med eit utklippa av plankartet. Teiknforklaringa i Figur 22 gjeld for alle desse illustrasjonane.

TEIKNFORKLARING	
PBL § 11 KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL	
Noverande	Framtidig
BYGG OG ANLEGG (PBL § 11-7, nr 1)	
 Bustader	 Bustader
 Fritidsbustader	
 Sentrumsområde	
 Forretrningar	
 Offentleg eller privat tenesteyting	
 Råstoffutvinning	
 Næring	
 Idrettsanlegg	 Kombinert bebyggelse og anlegg
SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 11-7, nr 2)	
 Hamn	
 Parkering	
 Hovudveg - Tunnel	
 Hovudveg - På bakken	
 Hovudveg - Bro	
 Samleveg - På bakken	
 Samleveg - Bro	
 Adkomstveg - Tunnel	
 Adkomstveg - Bro	
 Farlei	
GRØNTSTRUKTUR (PBL § 11-7, nr 3)	
 Friområde	 Grøntstruktur
 Park	
LNF-OMRÅDE (PBL § 11-7, nr 5)	
 LNF-område	 LNF-område
 LNF-spreidd bustad	 LNF-spreidd fritidsbustad
 LNF-spreidd fritidsbustad	 LNF-spreidd næring
SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7, nr 6)	
 Sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	 Sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
 Ferdsla	
 Småbåthamn	
 Fiske	
 Naturområde	


Figur 22: Utsnitt frå plankartet si teiknforklaring.

5.1. NOTTVEIT OG MOSTRAUMEN

Mostraumen har fleire element som gjer den til eit område med stort potensiale for å etablere ein attraksjon for tilreisande og fastbuande. Her er helleristningar i fjellet og landskapet er vakkert og dramatisk. I tillegg fortel området om dramatiske geologiske prosessar og straumen har i lang tid spela ei rolle som transportåre inn mot Modalen.

Modalen kommunen ønskjer å legge til rette for at Mostraumen kan etablerast som eit grøntområde med informasjon og enkle fasilitetar. Arealet langs tilkomstvegen ned mot småbåthamna har difor fått formålet grøntstruktur med krav om regulering, slik at dette området kan opparbeidast til eit utkikkspunkt med gode kvalitetar. Det er avgjerande at ei slik utvikling skjer i samspel med landbruksinteressene i området.

Ved Nottveit og vest for Mostraumen er det lagt inn eit LNF område der spreidd hyttebygging er tillate. Her vil det i planperioden vere ope for bygging av 4 hytter. For å unngå hyttebygging heilt inntil gardstunet er det laga eit hol i arealet der hyttebygging ikkje er tillate. Området ligg delvis innanfor omsynssone for skred.




Figur 23: Utsnitt av plankart ved Nottveit/Mostraumen

På nordsida av fjorden, ved Nottveit er det lagt inn to areal der ein opnar for naustbygging (markert med 'N' i kartet).

Hovudformålet med det nordlege arealet er å svare på eit innspel til planprogrammet, der grunneigar ønskjer høve til å restaurere eit gammalt naust. Dette eit historisk naustmiljø der ein må vise aktsemd i utforminga av nye naust slik at den historiske verdien ikkje

forringast. Det er også eit sentralt poeng at naustbygging ikkje skal bidra til ytterlegare privatisering av strandsona. (Retten til allmenn ferdsle i utmark rår i prinsippet heilt inn til naustveggane.)

Det sørlege arealet er lagt inn på Modalen kommune sitt initiativ. Det står naust her i dag og ein ser det som rimeleg at det kan byggast nokre nye naust her i planperioden.



Figur 24: Plankart på Mo og Otterstad

5.2. MO OG OTTERSTAD

På Otterstad er det teken inn eit område med formål kombinert byggeområde, kalla S-1 i plankartet. Dette området svarar til arealet som er omtala i KU-en som bustadareal A og sentrumsområde B.

Dette området har særleg gode kvaliteter som legg til rette for god utforming av tettstaden som ei videreføring av dagens sentrum langs sjøfronten på Mo. Ved å kombinere bustader

og næringsutvikling saman med offentlege tenester legg ein til rette for gode samordna areal og transportløyisingar.

Grøntstruktur og felles utandørs opphaldsareal vert eit viktig tema i det vidare arbeidet med dette området. Nøkkelelement er allmenn tilgjenge til strandsona, gode bindingar for gåande og syklande og attraktive møteplassar.

Denne løysinga gjer at ein byggjer opp kring Mo som eit sentrum ikkje berre i Modalen kommune men og for heile indre Osterfjordbassenget.

Oppå dette arealet, og litt ut i sjøen ligg ei omsynssone som seier at det skal utarbeidast ein områdereguleringsplan før tiltak kan etablerast.

I samband med reguleringsarbeidet skal det utarbeidast ein stadanalyse med fokus på å etablere prinsipp for utvikling av området. Ein slik analyse vil legge føringar for funksjonsfordeling mellom næring-bustad og tenester, trafikk-løyisingar og prinsipp for grøntstruktur og eit kvalitetsprogram for uteopphaldsareal. At heile arealet er lagt ut som kombinert byggeformål gjev stor fleksibilitet i reguleringsarbeidet slik at ein kan legge opp til ei utvikling som best mogleg møter dei krav og ønskjer kommunen har for sentrumsutvikling.

Kommuneplanen legg få konkrete føringar på korleis kommunen ønskjer å forme dette sentrumsarealet utover krav til gode kvalitetar for ålmenta særleg i dei område som ligg nærast sjøen eller elva.

Planen legg og opp til at sentrumsområdet som er vidareført frå gjeldande plan kan vidareutviklast. Mellom anna vert det opna for å etablere bustadar i området.

Ved Trohaugen, aust for Otterstad er det lagt ut eit kombinert byggeområde som er merka med B/FT-1. Sjølv om dette har same formål som S-1 er intensjonen at dette området kan regulerast til bustad, og/eller campingplass. Det er avgjerande at området ikkje skal utviklast med sentrumsfunksjonar som kan konkurrere med S-1 eller det etablerte sentrumsområdet sør for elva.

Kring B/FT-1 er det sett av eit stor område som grøntstruktur. Dette er eit areal som er prega av masseuttak med bratte lausmasseskråningar og krattskog. Planen stiller krav til at dette arealet skal regulerast saman med B/FT-1 slik at byggeområdet skal verte omkransa av eit eigna grøonstrukturområde med gode kvalitetar for bevarar og brukarar av området.

5.3. ØVRE HELLAND

Ved Øvre Helland er planen uforandra. I høringsframlegget vart det lagt ut eit nytt bustadområde ved Nåndal, men dette er

fjerna frå planen etter innspel frå grunneigarar og landbruket sin lokale interesseorganisasjon.

Modalen kommune ønskjer heller å revidere reguleringsplan for Øvre Helland med omsyn på å gjere rom for den mengda nye bustader det vil vere trong for i planperioden.

Ei slik regulering kan skje etter rammene for gjeldande arealformål i kommuneplanen.

5.4. OMSYNSSONER

Omsynssoner er eit nytt innslag i plankartet i tråd med plan- og bygningsloven av 2008. Ei omsynssone skal syne omsyn og restriksjonar som har verknad for bruken av arealet den ligg over. Omsynssonene er delt inn i ulike kategoriar med ulik heimel etter lova. Desse er markert i kartet etter med nummer på typen omsynssone og eit løpenummer (H810_n). I kommuneplanen for Modalen er følgjande omsynssoner nytta:

Faresone for skred(H310)

Denne sona er dominerande i heile kommunen og representerer område der ein skal vise aktsemd for snø eller steinskred som kartlagd av NGU¹⁵. Ved Mo og Øvre Helland er denne faresona henta frå skredfarevurderinga frå 2012.

Denne tek utgangspunkt i NGU sine soner men er vurdert i meir detalj i områda i kommunen med mest byggeaktivitet. Om eit byggeareal heilt eller delvis ligg innanfor fareområdet må skredfaren vurderast før byggesak eller

reguleringsplan innanfor det aktuelle arealet kan godkjennast.

Særskilt omsyn for landskap (H560)

Denne sona gjeld nedslagsfelta til dei vassdraga som kommunen, gjennom sin kommunedelplan for småkraft ikkje ønskjer å bygge ut. Sona er ikkje rettsleg bindande, men ei kommunal retningsline.

Særskilt omsyn for kulturmiljø (H570)

På same måte som for H560 er denne sona ei kommunal retningsline som fortel at den gamle



Bilde 14: Frå Naustmiljøet på Otterstad (omsynssone H570_1)

naustrekka ved Otterstad er eit miljø kommunen ønskjer å verne for framtida.

Bandlegging fram til reguleringsvedtak (H710)

Arealet som er omfatta av reguleringsplanarbeidet for Hyttefelt i Kvanndalen er bandlagd fram til det har komme ei avklaring for dette arealet i form av ein vedteke reguleringsplan. Fram til eit slikt vedtak kan byggesøknader i området ikkje godkjennast.

Bandlegging etter naturvernlova (H720)

Desse areala er verna etter lov om naturmangfald, tidlegare lov om naturvern. Her gjeld fresegner og retningsliner knytt til vernevedtaket frå Miljøverndepartementet. Dette gjeld:

- Otterstadstølen naturreservat
- Hestabotn naturreservat
- Flotaneset naturreservat
- Del av Stølsheimen landskapsvernområde

¹⁵ Norges geologiske undersøkelse

Bandlegging etter anna lovverk (H740)

Etter høyringa kom det fram at NVE og BKK ønskte at omsynet til høgspenlinjer og regulerte vassmagasin kom klarare fram i plankartet.

Det er difor lagt inn område som er bandlagt etter energilova tilsvarande klausuleringsbeltet langs høgspenlinjer som er fastsett av NVE.

I tillegg ligg dei tre alternative traseane for ny høgspenline mellom Modalen og Mongstad inne som bandlegging etter energilova. Planlagt høgspenline er teikna med ei raud stipla line sjå figur 26.


Når konsesjonssaka for Modalen-Mongstad er ferdig og ein har valt trasé vil plankartet oppdaterast slik at det berre er den aktuelle traseen som vert bandlagt.

Regulerte vassareal er bandlagt etter vassdragsreguleringslova.

Gjennomføringszone (H810)

Heile arealet som ligg innafor ei gjennomføringszone skal regulerast samla før tiltak etter planen kan realiserast. Intensjonen med eit slikt plangrep er at eit større område skal kunne planleggast i ein heilskap, og at kommuneplanen kan definere den overordna arealdisponeringa innanfor området, medan reguleringsplanen skal detaljere arealbruken innanfor dei einskilde byggeområda i kommuneplanen. Til dømes skal ny område reguleringsplan for Otterstad (H810_1) vurdere kva delar av S-1 som skal byggast og kva delar som skal ha andre funksjonar som veg, grøntstruktur, landbruk etc.


Etter høyringa av planen og ved slutthandsaming i kommunestyret vart det beslutta at begge dei nye byggeområda nord for elva (S-1 og B/FT-1) skal innlemmast i same gjennomføringszone.



Figur 25: Bandleggingssoner kring høgspenlinjer

Detaljeringszone (H910)

Denne sona omfattar planområdet for reguleringsplan for bustader og barnehage ved Øvre Helland. Her gjeld reguleringsplanen føre kommuneplanen sin arealdel. Arealformåla i kommuneplanen representerer hovudformåla i reguleringsplanen, men det er føresegnene for reguleringsplanen som legg føringar for sakshandsaming.



Figur 26: Gjennomføringszone ved Mo (grå skravur)

6. AREALREKNESKAP OG SAMLA KONSEKVEN SAR

SAMLA KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET	
Planlagd arealbruk:	
Bustad	50,7 daa nytt bustadareal
Kombinert bygg og anlegg	53,5 da (S-1)
LNF-spreidd fritidsbustad	4- nye fritidsbustadar
Naust	4-nye naust
LNF spreidd næring	Eitt gardsbruk med høve til etablering av overnattingsfasilitetar m.m.
Tema	Kommentar
Landskap	Planforslaget legg ikkje opp til ny arealbruk som vil endre tilhøva for landskapsbilete vesentleg. Bustad-arealet ved Øvre Helland ligg eksponert og krev god landskapstilpassing for å redusere negative verknader. Med fokus på grøntstruktur og bukvalitet er det vurdert at bustadområda ved dei nedlagde massetaka på Mo og Trohaugen kan bidra til positive konsekvensar for landskap lokalt
Naturmiljø	Konsekvensar for naturmangfaldet (naturmangfaldlova §§ 8-12). Kunnskapsgrunnlaget som ligg føre om naturmangfaldet ¹⁶ er vurdert å vere godt til dette plannivået for dei områda som er vurdert i KU. Det er relativt få område i planen som vert endra frå naturområde (LNF) til byggjeføremål. Samla belastning for naturmangfaldet (§ 10 i naturmangfaldlova) er difor liten i høve det som er gjeldande situasjon.
Nærmiljø og friluftsliv	Det er ikkje vurdert at nye byggeområde vil ha vesentleg verknad på nærmiljø og friluftsliv. Unntaka er areal nytta av born og unge ved akebakkane ved Øvre Helland (B-2). Desse verdiane er vurdert som lette å erstatte eller ta vare på gjennom reguleringsprosessen.
Naturressursar	Planforslaget legg opp til å omdisponere følgjande jord- og skogbruksareal til byggeformål: 18,5 daa fulldyrka jord 1,5 daa overflatedyrka jord 49 daa innmarksbeite 61,6 daa skog med høg bonitet Med vilkår om at dyrka mark som vert omdisponert i samband med S-a vert erstatta er det ikkje vurdert at planforlaget har store negative konsekvensar for naturressurs-grunnlaget i kommunen. Grusførekomstane ved Mo er registrert i grusdatabasen til NGU som lite viktig ressurs som byggeråstoff. Dei viktigaste førekomstane i kommunen er enten ferdig utnytta eller har løyve til utnytting.
Andre tema	

¹⁶ Naturtypar i Modalen, MVA-rapport 3/2004.

Trafikk	Det er svært låg trafikk på vegnettet i Modalen. Planframlegget legg ikkje opp til ei utbygging som endrar dette biletet vesentleg.
Teknisk infrastruktur	Alle nye bustadområde som krev felles løysingar for teknisk infrastruktur er lokalisert nært eksisterande anlegg. B-3 og B-4 vil krevje noko større investeringar i infrastruktur enn dei andre områda.
Klima, Energi og forureining	I Modalen vil privatbil vere hovudforma for transport. Likevel bygger planframlegget opp kring samordna areal og transportutvikling gjennom å legge til rette for bustadbygging i tilknytning til eksisterande sentra og bustader i sentrumsområdet. Planen legg ikkje opp til særskilt forureinande verksemder.
Folkehelse/Barn og unge.	Planforslaget vil i liten grad påverke tilhøva for barn og unge eller folkehelsa i Modalen.
Risiko og sårbarheit	
UH1: Stein eller snøras:	Rasfare er ei stor utfordring i Modalen. Faresonene i plankartet kan ikkje nyttast som sikkert grunnlag for avgjerder i einskilde byggesakar. Føresegnene krev detaljvurdering av skredfare før regulerings-planar kan godkjennast.
UH2: Flaum	BKK sine flauvurderingar for Moelvi gjeld flaum med 1/1000 årleg sannsyn. Teknisk forskrift krev at bustader skal sikrast mot flaum med 1/200 års årleg sannsyn. Dette fangast opp i krav til byggesøknader og reguleringsplanar. Moelvi er regulert slik at risiko for flum er høvesvis liten.
UH3: Skogbrann	Det er ikkje vurdert at det er trong for særskilte risikoreduserande tiltak
UH4: Dambrot	Det er vurdert at sannsynet for dambrot er så liten at det risikoreduserande tiltak utover rutinar for varsling og evakuering er naudsynte.

Måloppnåing	
M-1. Arealreserve for bustadbygging med sikte på eit folketal på 500 personar innan 2040.	Om ein legg til grunn 3 busette per daa i nye bustadområde har dei nye bustadområda ein kapasitet på kring 200 busette. Dette aleine er nok til å nå målet om kapasitet på 500 busette i 2040. I tillegg kjem eventuelle bustader i sentrumsområdet og den kapasiteten som ligg i planen per i dag.
M-2. Meir variert bustadtilbod i sentrum.	Føresegner som opnar for bustader i sentrumsområdet og som ikkje hindrar planlegging av fleirmannsbustader sikrar høve til eit meir variert bustadtilbod
M-3. Egna lokalklimatiske og geografiske tilhøve for god bu-kvalitet.	Bustader ved S-1 og Trohaugen har høvesvis gode lokalklimatiske høve med god soltilgang. Dei er også så nært dei viktigaste nærmiljø-funksjonane i sentrum at det bidrar til god samordna areal- og transportløyisingar.
M-4. Utvikling av Mo sentrum som regional møtestad.	Det er vurdert at arealet som er avsett til sentrumsområde og kombinert byggeområde i planen er tilstrekkeleg for å kunne planlegge for at sentrum i Modalen skal kunne utviklast som ein møtestad både for tilreisande, lokale og næringsdrivande i heile indre Osterfjordområdet.
M-5. Planen skal bidra til at satsing på landbruksbasert turisme vert enklare.	Kommuneplanen sin arealdel er berre eit av fleire verkemiddel for å satse på landbruksbasert turisme. I prosessen er det berre komen innspel om eitt gardsbruk som ønskjer å satse på overnatting eller andre tiltak som krev endring i plan.
M-6. Nye byggeområde bør ikkje lokaliserast i kjerneområde for landbruk	Med unntak av B-2 er ingen nye byggeområde lokalisert i kjerneområde for landbruk
M-7. Vassdrag vurdert med høg konfliktgrad i småkraftplanen skal ikkje byggast ut til kraftproduksjon	Vassdrag som Modalen kommune gjennom småkraftplanen ønskjer å verne mot småkraftutbygging er markert med omsynssone (H580)
M-8. Trygg skuleveg for alle skuleelevar i kommunen.	Det er vurdert at føresegnene for nye byggeområde sikrar at trygg skuleveg skal dokumenterast før reguleringsplan eller byggesøknad kan godkjennast.
M-9. Unngå auka privatisering i strandsona	Det er totalt opna for bygging av fire naust i funksjonelle strandsoner. Det er krav i føresegnene at naust skal byggast for å redusere privatisering mest mogleg.

Arealrekneskap	
Arealformål	Areal(daa)
Bustad	208,7
Fritidsbustad	581,2
Sentrumsområde	30,5
Forretningar	1,2
Offentleg eller privat tenesteyting	27,9
Råstoffutvinning	312,5
Næring	111,7
Idrettsanlegg	10,4
Kombinert bygg og anlegg	53,5
Hamn	29,5
Parkering	7,7
Grønstruktur (generell)	56,4
Friområde	15,1
Park	32,0